



Ard arealplan as
c/o Spaces Media City
Lars Hilles gate 30
5008 Bergen

FORSLAGSSTILLAR SI
PLANSKILDING

Galteråsen næring
Gnr. 137 Bnr. 832 m. fl.

ALVER KOMMUNE

Plan-ID: 46312021002
Saksnr.:20/1470

Sist revidert: 24.05.2023

1	SAMANDRAG	3
2	NØKKELOPPLYSNINGAR.....	4
3	BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET	5
4	PLANPROSESSEN	5
5	GJELDANDE PLANSTATUS.....	7
6	SKILDRING AV PLANOMRÅDET	14
7	UTGREIING I HHT. FØRESKRIFT OM KONSEKVEN舜UTGREIINGAR	29
8	SKILDRING AV PLANFORSLAGET.....	29
9	KONSEKVEN舜AR AV PLANFORSLAGET	48
10	MERKNADAR.....	65
11	FORSLAGSSTILLER SIN AVSLUTTANDE KOMMENTAR.....	65

1 SAMANDRAG

Planforslaget legg til rette for å utvikle meir næring mellom allereie etablert næringsområdet i Galteråsen. Forslaget ønskjer også å etablere dette fordi ein treng meir næring tett til regionsentera i Alver kommune. Tilkomst vil vere frå den kommunale vegen Galteråsen, som er tilknytt Fv. 565. Planforslaget legg til rette for å etablere næringsareal på eit areal med kupert terreng avsett til næringsføremål i overordna plan. Tilrettelegging med tilsådd fylling i staden for murar vil gje ei god avgrensing til naboskapet også fordi arealet vil gje ei mjukare avslutning. Å oppretthalde turveg som gjev tilkomst til naturområda ved Erstadfjellet nord for planområde har vore i fokus. Planen legg også opp til tilpassing av vassleidning i eit mindre strekk for å gje tilstrekkeleg tilkomst til vassleidninga slik regelverket tilseier er nødvendig.

Det er utarbeidd ei konsekvensvurdering som ligg ved planforslaget, og resultat frå denne er tatt inn i skildringa der det er naturleg. Oppsummert seier denne at den samla belastninga hovudsakleg kjem på grunn av arealbeslag og fragmentering etter gradvis utbygging dei siste tiåra. Sjå utklipp under for oppsummert påverknad, konsekvens og samla verknader (henta frå side 6 og 7) i konsekvensutgreiinga.

PÅVIRKNING OG KONSEKVENNS

Friluftsliv

Tilkomsten til det registrerte nærturterrenget blir opprettholdt vha. flere planlagte tiltak, men totalt sett vurderes tiltaket å ha noe forringet påvirkning og noe negativ konsekvens (-) på friluftsliv, i hovedsak på grunn av arealbeslag i et viktig friluftslivsområde.

Vurderinger	Delområde	0-alt.	Tiltak
Konsekvens for delområder	A. Tveitevarden/Erstadfjellet	0	Noe miljøskade (-)
Avveininger	Begrunnelse for vektlegging	Bare et delområde gjør vektlegging unødvendig.	
	Samlede virkninger	Arealbeslag vil redusere areal tilgjengelig for friluftslivsaktiviteter.	
Samlet konsekvens for miljøtema	Samlet konsekvens	Noe negativ konsekvens	
	Begrunnelse	Arealbeslag i et viktig friluftslivsområde	

Naturmangfold

En del habitat for vanlige arter vil gå tapt på grunn av arealbeslag. Hekkekolonien for sandsvaier berøres ikke. Totalt sett vil tiltaket ha noe negativ konsekvens (-) for naturmangfold.

Vurderinger	Delområde	0-alt.	Tiltak
Konsekvens for delområder	1. Alvervegen 25	0	Ubetydelig miljøskade (0)
	2. Øvrig influensområde	0	Noe miljøskade (-)
Avveininger	Begrunnelse for vektlegging	Delområdet 2 vektlegges, siden store deler av arealbeslaget vil foregå her	
	Samlede virkninger	Økosystemet er i dag veldig belastet, og belastningen vil øke i liten grad ved utbyggelse av næringsområde	
Samlet konsekvens for miljøtema	Samlet konsekvens	Noe negativ konsekvens	
	Begrunnelse	Delområde med størst areal og med noe miljøskade (-) dominerer	

LANDSKAP

Tiltaket vil ha noe negativ konsekvens (-) på landskapet i hovedsak på grunn av inngrepet vil forandre landskapets karakter grunnleggende, der skog fjernes og det småkuperte området utjevnes.

Vurderinger	Delområde	0-alt.	Tiltak
Konsekvens for delområder	I. Influensområde	0	Noe miljøskade (-)
Avveininger	Begrunnelse for vektlegging	Bare et delområde gjør vektlegging unødvendig.	
	Samlede virkninger	Større landskapsinngrep.	
Samlet konsekvens for miljøtema	Samlet konsekvens	Noe negativ konsekvens	
	Begrunnelse	Landskapets karakter endres vesentlig lokalt, men vil være lite synlig fra avstand.	

Konklusjon frå rapporten:

SAMLEDE VIRKNINGER

Den samlede belastningen i nærområdet er i dag stort på grunn av arealbeslag og fragmentering etter gradvis utbygging i de siste tiårene. Utbyggingen av næringsområdet vurderes å medføre en liten økning i belastningen på økosystemet.

2 NØKKELOPPLYSNINGAR

Område	Alverflaten
Gardsnr./bruksnr.	137/832, 804 m.fl.
Gjeldande planstatus (regulerings-/kommune(del)pl.)	<u>KDP KAA 2019-2031:</u> Nærings bygningar, LNFR og omsyn friluftsliv.
Forslagsstillar	Romarheim Entreprenør AS og Lihiba AS
Grunneigar (sentrale)	137/804, 832, 13, 14, 15, 23
Plankonsulent	Ard arealplan AS
Ny plans hovudføre mål	Næring
Planområdets størrelse i daa	124,208 daa
Aktuelle problemstillingar (støy, byggehøgde o.l.)	Myr og omsynssone LNF/Friluftsliv
Føreligg det varsel om motsegn (j/n)	n
Konsekvensutgreiingspliktig (j/n)	j
Kunngjering oppstart, dato	02.06.2021
Fullstendig planforslag mottatt, dato	24.05.2023
Informasjonsmøte haldt (j/n)	n

3 BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

3.1 BAKGRUNN

Planområdet er i dag eit ubygd område, og ligg mellom to etablerte næringsområde. I kommunedelplanen er planområdet i all hovudsak avsett til næringsbygningar med føremålet LNFR i nordaust og sørvest. Det er også avsett grønstruktur søraust for planområdet. Planarbeidet er sett i gang med bakgrunn av at tiltakshavar Romarheim Entreprenør AS og Lihiba AS ynskjer å etablere eit nytt næringsområde.

3.2 INTENSJONEN MED PLANFORSLAGET

Intensjonen med planforslaget er å legge til rette for utbygging av eit nytt næringsområde. Den tiltenkte funksjonen til det nye næringsområde vil i hovudsak vere lagerverksemd og annan plasskrevjande næring, i tråd med føresegnene for kommunedelplanen. Planen omfattar også ei samankopling med eksisterande næringsområde nordvest og søraust for planområdet. Ved planlegging av næringsområdet vil det vere stort fokus på korleis næringsområdet vil kunne tilpasse seg det omkringliggande naturområdet.


4 PLANPROSESSEN

4.1 VARSLING

Oppstart av planarbeid vart varsla i Strilen 04.06.2021, samt i brev til naboar og offentlege og statlege instansar.

Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid

I medhald av plan og bygningslova (pbl) § 12-8 vert det med dette varsla om oppstart av reguleringsplanarbeid med planprogram og konsekvensutgreiing for Galteråsen næring gnr.137 bnr. 832 mfl. i Alver kommune.



Romarheim Entreprenør AS og Lihiba AS er tiltakshavar. Ard arealplan AS er konsulentar for planarbeidet.

Planområdet ligg langs Alverflaten i Alver kommune mellom to eksisterande næringsområde. Topografien i området består av nokon jammare parti, men mest kupert terreng med tendensar til myrddanning fleire stader.

Planområdet er i kommunedelplan for Lindås (2019-3031) avsett til næringsområde. Planområdet er i dag ubygd og omfattar hovudsakeleg eigedommane gnr.137 bnr. 832 og 804 mfl., og har ein storleik på ca. 137,8 daa.

Intensjonen med planforslaget er å legge til rette for utbygging av eit nytt næringsområde. Næringa ein ynskjer å leggje til rette for vil i hovudsak vere lagerverksemd og annan plasskrevjande næring, ikkje detaljhandel. Planen omfattar også ein samankopling mot eksisterande næringsområde søraust og nordvest for planområdet. Tilkomsten til planområdet vil vere gjennom det eksisterande næringsområdet i søraust.

Vi inviterer til samarbeid og medverknad i den kommande prosessen. Planprogrammet vil vere tilgjengeleg på heimesida til Ard arealplan, www.ardarealplan.no. Innspel eller merknader kan sendast skriftleg til: Ard arealplan as, c/o Spaces Media City, Lars Hillies gate 30, 5008 Bergen eller e-post: post@ardarealplan.no

Frist for merknader er sett til **30.juli 2021**.

Meir informasjon: www.ardarealplan.no eller tlf. 55 31 95 00

Ard
arealplan

Figur 1: Varslingsannonse.

4.2 MERKNADER I SAMBAND MED VARSLING

Det vart motteken 8 merknadar i forbindelse med varsling om oppstart av planarbeid. Desse er summert og kommentert i vedlagt merknadsskjema.

Etter offentlig høyring vart det motteken til saman 17 merknader. 16 av merknadane kom frå høyringsinnsatsar, og ein merknad kom frå privat. Startforvaltaren fekk utsett frist til å kome med merknad, og deltok på eit dialogmøte (26.10.2022) med kommunen. VLFK kommune fremja motsegn, og deltok i dialogmøte med Statsforvaltar og kommunen.

Utvida dialog med kommunen gjekk ut på¹:

- Føresegn til området må vere tydelege på kva planen opnar for, og det kan ikkje opne for meir enn ROS-analysen og plandokumenta elles har vurdert. Det må arbeidast vidare med føresegn til næringsområdet.
- Tilkomst til friluftsområdet. Planen burde gje rom for eksisterande sti på ein slik måte at brukarane får ei god turoppleving og slepp å gå på asfalt igjennom næringsområdet. Statsforvaltaren meiner at intensjonen i kommuneplanen er å sikre turstien, og om den avsette traseen viser seg å ikkje ver god nok, må reguleringsplanen som ein detaljplan finne den gode løysinga. «Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga», skal leggest til grunn i kommunal planlegging, og taler også for at planen må sikre ein god tursti/veg igjennom næringsområde. Statsforvaltaren meinte at kommunen i denne saka må ta ansvar for å vurdere og sikre ein god løysing for friluftsliv, folkehelse og barn og unge.
- Støytema og massehandtering vart kort diskutert. Semje om at Statsforvalteren skal vurdere ny støy vurdering og kome med forslag til løysing for støy og massehandtering i samordna uttale.

Vurdering av tilleggsinformasjon henta frå samordna uttale er sitert under²:

1. Forslag til nytt føresegn for næringsområdet.
Ikkje godt nok. Står framleis industri i føresegna, og vi oppfatta at dette opnar for meir enn ROS-analysen og plandokumenta har vurdert.
2. Forslag til ny gjennomgang for turgåarar.
Vi vurderer ikkje dei nye forslaga som eit godt tilbod til turgåarar, eller eit fullverdig erstatningsareal for barn og unge jf. Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga. Det er vert eit ganske langt strekk i begge forslaga, som vil ha lite å tilby barn og turgåande.
3. Det er bra at det no er utarbeida ein støyrapport. I «Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga» står det også at: «Areal og anlegg som skal brukast av barn og unge skal vere sikra mot forureining, støy, trafikkfare og anna helsefare.» Friområdet sør for planområdet er nytta av barn og unge, og det må vurdere i kva grad dette område vert påverka av planen. Deler av området vil ligge i gul og raud støysone ifølge støyrapport. Det må vurderast korleis ein kan sikre dette arealet mot støy frå næringsarealet. Resultata frå rapporten må elles innarbeidast i planskildring og føresegn. Føresegnene bør vere så konkrete som mogleg. Det er nyttig informasjon om dette i T-1442/2021 kapittel 3.2 og 5.3. Vi anbefaler ein

¹ Henta: Samordna uttale - Høring - Alver - 137/832 m fl - Galteråsen - næring – detaljregulering, Statsforvalteren i Vestlandet.

² Henta: Samordna uttale - Høring - Alver - 137/832 m fl - Galteråsen - næring – detaljregulering, Statsforvalteren i Vestlandet.

strengare grenseverdi enn den som er satt i tabell 2 i retningslinjene, i samsvar med T-1442/2021.

4. Massehandtering. Vi forstår notatet slik at det ikkje vil vere eit stort masseoverskot i reguleringsplanen. Informasjonen om massar og handtering av dei bør innarbeidast i planskildringa, og forslagsstillars forslag til føresegn bør takast inn i planen.

Statsforvaltaren kom med endeleg uttale 02.05.2023. Det vart ikkje fremja motsegn. Planforslaget har innarbeidd innspela frå Statsforvaltaren i planforslaget.

Vestland fylkeskommune trakk motsegn i brev datert 11.05.2023. Det vart og gjeve merknader til revidert forslag. Planforslaget svarer ut merknadane i merknadsskjema etter offentleg høyring.

5 GJELDANDE PLANSTATUS

Følgjande arealplanar gjeld for heile eller delar av området: 1263-201701 og 1263-201601. Planen vil erstatte følgjande plan(ar) KDP Knarvik- Alversund med Alverstraumen 2019-2032, planID: 1263-201701felt BN1. Planen vil erstatte deler av DRP Alver næringsområde sør, planID 1263-201601. Veg gjennom området kan ha funksjon på trafikksituasjonen i område nord for fylkesvegen.

5.1 REGIONALE PLANAR/ FYLKES (DEL)PLANAR³

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Regional planstrategi

Langsiktig visjonen for Vestland er « Nyskapande og berekraftig»:

Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg. 2) Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling. 3) Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagslivet. 4) Like moglegheiter til å delta i verdiskaping.

Utviklingsplanen lister opp strategiar som skal styrka den langsiktige visjonen. Her er nokon av strategien som er mest relevant i planområdet:

- Vestland fylke skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.
- Vestland fylket skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.
- Vestland fylke skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.
- Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.
- Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane, både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av koronapandemien.

Planforslaget legg vekt på å styrke den langsiktige visjonen ved å skape nye arbeidsplassar og eit aktiv regionsenter.

³ *Regionale planar og strategiar - Vestland fylkeskommune*

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 – 2033

Overordna måla er at Bergensområdet skal vere ein berekraftig og konkurransedyktig vekstregion. Innanfor kategorien som omhandlar næringsareal og arbeidsplassar er måla at kommunen skal ha attraktive og gunstig lokaliserte næringsareal som dekker eit langsiktig behov. Næringsareal som mogleggjer prinsippet om rett verksemd på rett stad må gjerast tilgjengeleg. Næringsplanen skal få fram viktigheita av næringsareal/ulike type næring og arbeidsplassar, og korleis dette spelar inn på balansen i bu- og arbeidsmarknaden.

Planforslaget bidreg til næringsutvikling for regionen ved at det leggja til rette for meir næring.

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet

Det regionale transportsystemet til Bergensområdet har som hovudmål å ha eit miljøvennleg, effektivt og trygt transportsystem som sikrar mobilitet for befolkning og næringslivet. Veksten i persontransporten skal takast med i kollektivtransport, sykkel og gange. Delmål er at kollektivtransportsystemet skal vere kapasitetssterkt og attraktivt, med full utbygging av Bybanen til alle bydelar i Bergen. Sykkelvegnettet skal vere attraktivt, framkomeleg og trafikksikkert. Byutviklinga skal legge til rette for at sykkel og gange tek større delar av transportveksten. Transportsystemet skal vere robust og påliteleg med redusert sårbarheit for hendingar i trafikken. Nullvisjon - eit transportsystem som ikkje fører til døde eller hardt skadde. Redusere utslepp av klimagassar frå transportsektoren i tråd med Klimaplan for Hordaland.

Målet legg opp til ei markant endring i reisemiddelfordelinga. Mobiliteten i persontransporten skal vere den same som i dag, men med fokus på bruk av miljøvennlege transportformer. Denne omlegginga kan betre framkomst for næringstransporten og hindre ei ytterlegare auke i klimagassutslepp. Ei store grad mot gang og sykkel i kombinasjon med kollektivtransport, vil legge til rette for auka fysisk aktivitet og betre folkehelse.

I nærleiken til planområdet er det allereie god kollektivtransport. I tillegg er plasseringa regionsnær. Planforslaget fører truleg til ei auke i transport til og frå området. Dette vert teke omsyn til undervegs i planen.

Klimaplan for Hordaland 2014-2030

Klimaplanen for Hordaland 2014-2030 er ein regional klima- og energiplan i medhald av plan og bygningsloven. Den tar opp tre utfordringar – korleis vi kan redusere utslepp av klimagassar, korleis energibruken kan bli meir effektiv og med meir fornybar energi, og korleis vi kan tilpasse oss til klimaendringane. Planen tar opp samanhengen mellom klimagassutslepp og energi.

Det er derfor viktig at ein innanfor planområdet er bevisst på dette og vurderer miljøvennlege løysningar. Det har vorte gjennomført eit CO2 rekneskap for arealendringane planforslaget medfører, og dette vert teken omsyn til gjennom avbøtande tiltak.

Regional plan for folkehelse - Fleire gode leveår for alle - 2014-2025


Regional plan for folkehelse er forankra i regional planstrategi for Hordaland 2010-2011 og erstattar Fylkesdelplan for universell utforming 2006-2009 «Deltaking for alle». Visjonen for arbeidet er «fleire gode leveår for alle» og for å nå dette målet fokuserer planen på fem viktige temaområder; heilskapleg folkehelsearbeid og universell utforming, lokalsamfunn, nærmiljø og bustader, oppvekst og læring, arbeid og arbeidsplassen, aktivitet og sosial deltaking. Plan- og bygningsloven krev mellom anna at all planlegging skal fremme befolkninga sin helse, utjamne sosiale helseforskjeller og forebygge kriminalitet.

Det er difor viktig at planforslaget tek omsyn til folkehelse med tanke på friluftsområde i nærleiken. Planforslaget vil medføre nokre endringar for tilkomst til friluftsområde. Fleire arbeidsplassar kan bidra til positiv vekst i lokalsamfunnet, noko som er optimalt for eit område med bustadutvikling.

Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025

Regionale kulturplanen innhald visjon, mål og prioriteringar med innsatsområde. Hovudføremålet med planen er å skape grunnlag for ein offensiv og langsiktig kulturpolitikk med føreseielege rammer, internt i fylket og i høve eksterne aktørar. Kulturplan er å forvalta kulturarven slik at ein vernar kulturminne og kulturmiljø og sikrar at det skjer gjennom ein berekraftig utvikling.

Område har ikkje spesielt mykje kultur som må takast omsyn til. Planforslaget tek omsyn til dagens bruk av område.



Figur 2: Utklipp av kommunedelplanen si arealdel. (Henta frå www.norhordalandskart.no)

5.2 KOMMUNEPLAN/KOMMUNEDELPLAN


Gjeldande plan for planområdet er tidlegare kommunedelplanen for Lindås, Kommuneplan for 2019-2031, sjå figur 2. Den underordna planen er Kommunedelplan for Knarvik og Alversund med Alverstraumen 2019-2031 (KDP KAA), vedtatt i 2019.

I planen er området avsett til næring, LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden. Delar av LNFR arealet er også gitt omsynssone for friluftsliv (figur 2).

Den eksisterande turvegen går gjennom føremålet for næringsareal, og er sikra som føresegnssområde i kommunedelplanen. I følgje kommunedelplanen for Lindås, skal nye næringsareal bidra til å oppretthalde og styrke eksisterande næring i kommunen, og det skal vekt leggje samlokalisering av verksemdar.


5.3 REGULERINGSPLANAR

Planområdet er del av eit større næringsområde som ønskes etablert. I nord-vest overlappar planområdet delvis vedteken plan ID:1263-201601, Alver Næringsområde sør (vedtak av 01.11.2018). Området består hovudsakleg av næringsbygningar og noko LNFR areal. Her er det regulert inn eit føresegnssområde, #15, og som seier at det skal opparbeidast samanhengande tursti/gangveg innanfor føresegnssområdet. Då skal det samstundes sikrast sikker kryssing av tursti over veg.




Figur 3: Plankart, Alver næringsområde sør. (Henta frå www.norhordalandskart.no).

Like nord for Alver Næringsområde sør, ligg Alver Næringsområde, (plan ID: 1263 201206, vedteken 06.04.2017). Området var tidlegare ikkje detaljregulert, og planen la opp til ei vidareføring av eksisterande drift, med moglegheit for utviding. Den la og til rette for betre veg og meir effektiv arealbruk innanfor det eksisterande næringsområde.



Figur 4: Plankart, Alver næringsområde. (Henta frå www.norhordalandskart.no).

I sør-aust grensar planområdet til vedteken plan for Galteråsen industriområde, (plan ID: 1263-200903, vedteken 10.06.2010). Planen inneheld hovudsakleg areal avsett til næring/kontor/industri, omkransa av areal avsett til grønstruktur og LNFR. Området har opparbeida veg heilt inn til planområdet i denne planen (Galteråsen Næring).



Figur 5: Plankart, Galteråsen industriområde. (www.norhordalandskart.no).

5.4 EVENTUELLE TEMAPLANAR

- Temaplan for trafikksikring i Alver 2020-2022 ⁴

Målsetjinga med temaplan for trafikksikring er at Alver kommune skal legge til rette for at all ferdsel og fysisk aktivitet har trygge og trafikksikre rammer. Tiltak (investeringar og drift) skal baserast på kartlegging av status i dei tre samanslåingskommunane, og i høve til Strategiane for Alver. Denne inneheld også trafikksikringsplanane frå dei 3 samanslåingskommunane. Dei tidlegare kommunane hadde kvar sin trafikksikringsplan; a) Kommunedelplan for trafikksikring (Tidlegare Lindås kommune) 2017-2020, b) Trafikksikringsplan (Tidlegare Meland kommune) 2017-2020 og c) Trafikksikringsplan (Tidlegare Radøy kommune) 2014-2020, rev. 2015 og 2018. Desse planane er svært omfattande og inneheld tiltak både på riks-, fylkes-, og kommunalveg.

Planforslaget set fokus på universell veg gjennom næringsområdet, og skal stenge deler av vegen under anleggsperioden. Så snart vegen til næringsområdet er klart skal tilkomsten for anleggstrafikk komme frå sør, noko som vil skape mindre støy ved bustader og meir trafikk sikkerheit i nord. Vegen i nord vil også stengast ved bruk av skilt for all trafikk ved unntak av trafikk til knyta gardsdrift. Både gang- og sykkelveg er tilrettelagt langs vegen og koplast saman med vegen til begge næringsområda i nord og sør. Forflytting av tilkomst til turveg i populært friluftsområde gjev tryggare ferdsel for mjuke trafikantar.

- Kommunedelplan for Klima og energi 2010-2020⁵.

Klima- og energiplan for Lindås gir status for klimagassutslepp og energibruk i kommunen. Det vert gitt mål, strategiar og tiltak for reduksjon i klimagassutslepp og energibruk. Planen tolkar utsikter for klimaendringar lokalt, med strategiar for å møte desse endringane.

Planforslaget har laga ein klimagassutslepp-rapport for å kunne komme med avbøtande tiltak for planen, samt avgrensa dei lokale utsleppa. Eit av tiltaka er å gjenbruka myrmassar og avgravingsmasser lokalt.

5.5 STATLEGE PLANRETNINGSLINER

Statlege planretningslinjer skal leggest til grunn i planområdet si planlegging, jamfør plan- og bygningslova § 6-2. Sentrale planretningslinjer for arbeidet med planen er:

Mest aktuelle:

- Statlege planretningslinjer for samordna bustad, areal- og transportplanlegging
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegging
- Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing

⁴ Alver kommune. Temaplan trafikksikring 2020-2022. Henta frå: https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/Overordna_planar/planar-omrade-tema

⁵ Alver kommune. Kommunedelplan for Klima og energi 2010-2020. Henta frå: https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/Overordna_planar/planar-omrade-tema

5.5.1 Statlege planretningslinjer for samordna bustad, areal- og transportplanlegging

Dei statlege retningslinjene for samordna bustad, areal- og transportplanlegging har som mål at stads- og byutvikling vert tilpassa dei lokale forholda og at transportsystem skal utviklast slik at dei fremjar samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, med miljømessige gode løysningar, trygge lokalsamfunn og bustadmiljø, god trafikksikkerheit og effektiv trafikkavvikling. Det skal leggest til grunn eit langsiktig, berekraftig perspektiv i planlegginga.

Planen støttar dette ved etablering av næringsområde som er nær hovudveg og regionsenter.

5.5.2 Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegging

Dei rikspolitiske retningslinja for å styrke barn og unges interesser i planlegging har som føremål å synleggjere og styrke barn sin interesse i all planlegging og byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Gjennom planprosessen vil det setjast fokus på barn og unge sine interesser så langt det rår. Det er fleire barn som nyttar område i og rundt planområdet. Bruken skjer både av barnehagen og privat i tilknytning til bustadområde i nærleiken. Barna tek i bruk areal avsett til LNF, friområde og arealet som ligg i omsynsona til friluftsområdet. Planforslaget legg opp til ny turveg gjennom næringsarealet. For å ta omsyn til barn og unge sine interesser skal det oppførast informasjonstavler og areal avsett til aktivitet langs turvegen. Avbøtande tiltak i anleggsfasen skal sikra i føresegn.

5.5.3 Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing

Dei statlege klimatilpassing har som føremål at kommunane, fylkeskommunane retningslinjene for klima- og energiplanlegging og staten skal gjennom planlegging og andre myndigheits- og verksemdutøving stimulere til, og bidra til reduksjon av klimagassutslepp, samt økt miljøvenleg energiomlegging. Planlegginga skal også bidreg til å førebu og tilpasse samfunnet til klimaendringane. I planen er dette teken omsyn til og vurdert ved KU for friluftsliv, naturmangfald og ROS-analyse, CO2-rekneskap m.m.

Planområdet ligg i eit myrområdet som vil føre til klimagassutslepp, men planen held seg til vedtatt KDP for Alver kommune som har satt av området til næring. Planforslaget har laga eit CO2-rekneskap, og det vert gjort ei vurdering av avbøtande tiltak. Det er også utarbeida ein masshandteringsplan.

6 SKILDRING AV PLANOMRÅDET

6.1 LOKALISERING

Planområdet ligg i Galteråsen i Alver kommune. Området ligg mellom Alver i nordvest og Isdalstø i søraust (figur 6). Kommunesenteret Knarvik ligg om lag 3,5 km sør for Alver. Frå planområdet er det kort veg til regionale transportåre, mellom anna riksveg 57/ Fylkesveg 57 og Fylkesveg 565. Plasseringa ligg nær det største samanhengande friluftsområde i tilknytning til bustadområde ved Alverflaten⁶.



Figur 6: Planområdets lokalisering. (Norgebilder.no).


6.2 AVGRENSING

Planområdet har ein storleik er på ca. 124 208 m² (124,208 daa). Planområdet tar med seg delar av etablert turveg i nord og nordaust, samt at den tar med delar av LNFR areal satt til friluftsliv langs nordaustsida (figur 7). Dette LNFR området ligg under føresegnssområde #19 i kommunedelplanen, der føresegn 4.5.3 definerer området som særleg viktig for friluftsområdet. Elles følger avgrensinga areal satt til næring i KDP (figur 7) og ligg i eigedomsgrensene 137/815, 137/804, 137/832, 137/23, 137/14 og 137/13.

Grunnen til at planavgrensinga ikkje berre omfattar arealet avsett til næring i kommunedelplanen, men også noko LNF areal, er for at ein skal ha moglegheit til å sjå på ei endring av desse areala. Dette kan til dømes vere å flytte noko om på areala for gje meir naturleg avgrensing. Det er også teke med ein del LNF areal i nord. Dette er gjort slik at ein

⁶ Referat oppstartmøte s. 3

har moglegheit for å flytte humusholdige masser frå planområde dit om dette skulle vise seg å bli aktuelt.⁷



Figur 7: Avgrensing i stipla raud linje med kart som visar tomtegrensene, eksisterande turstiar og bygg. Det mindre bilete til høgre viser Arealplankartet til KDP. (Henta frå [www.https://www.nordhordlandskart.no/pr](https://www.nordhordlandskart.no/pr))

6.3 TILSTØYTANDE AREAL SITT BRUK/STATUS


Planområdet er regulert til næringsareal i gjeldande kommunedelplan. I dag er området ubyggt friluftsområde med myr, skog og turveg/sti. Arealet grensar til ferdig utbygd næringsområdet i sør og næringsområdet under utbygging i nord.

Det er ein eksisterande turvegen/sti som går gjennom planområdet. Denne er teken i bruk av nabolaget, Trollskogen barnehage og turgåarar som skal til friluftsområdet Tveitavarden. Turvegen blir mykje brukt då den har kort avstand til Tveitavarden, og er den einaste staden på Alverflaten ein kan nytte set av eit samanhengande nettverk av stiar frå fylkesvegen til Tveitavarden.

⁷ Rådgivende Biologer AS, planprogram, s. 5

Delar av turvegen går gjennom innmarksbeite til gnr.137 bnr.14 (Figur 8). Frå våren til hausten vert arealet nytta til beite. Beite tilstøytter planområdet i sørvest saman med friluftsområdet gnr. 137 bnr. 13. Friluftsområdet er eigd av kommunen og nyttast av Trollskogen barnehage. Området vert nytta til turgåing og leiking, og har mellom anna lavvoar som blir teken mykje i bruk.

Tilstøytane område er i grove trekk nytta til næring, med mindre område for bustader. Terrenget rundt er dominert av større skogs- og friluftsområde med ein brattare stigning på nordleg side av planområdet. Nordaust for planområdet ligg det landbruksareal.



Figur 8: Turstiar og turveggar i Alver kommune som er kartlagde i samband med Plan for friluftslivets ferdelsårer i Alver kommune. Kjelde: <https://www.nordhordlandskart.no/apps/map/alverturogfriluft>

6.4 EKSISTERANDE BYGNINGAR


Det er ingen eksisterande bygningar innanfor planområdet.

6.5 TOPOGRAFI/LANDSKAPSTREKK

Planområdet ligg i Alver som har eit vestvendt ås-landskap (Figur 9-10). Alver bli avgrensa av åskammar med kystfjell mot aust og nord, samt har ein god visuell kontakt med Kvernafjorden.

Det overordna landskapsrommet Tveitavarden/Alversund med Kvamsfjellet som horisont i nord, Erstadfjellet og Tveitavarden som horisont i aust, Håøytoppen, Høgstefjellet-Veten og Krossfjellet som horisont i sør, og Røysetfjellet, Brakstadfjellet og Gaustadfjellet dannar horisont i vest. Dei dominerande geologiske strukturane er Lindåsdekke (Biregnbogane) kjenneteikna til terrengdraget kjem frå dette; langstrekke, parallelle åsane og dalsøkk.⁸

Planområdet ligg mellom Alverflaten og Tveitavarden i område Galteråsen. Det er ein flate som strekk seg frå fjorden opp mot skråninga til Tveitavarden som ligg 196 meter over havet. Topografien i området består av nokre jamnare parti, men har for det meste kupert terreng. Planområdet er omkransa av fjell og åsryggar i nordvest-søraust med opparbeida næringsareal i nord og sør enden, dette dannar det underordna landskapsrommet. Det er fleire turstiar i området. Nokre stiar ligg utanfor planområdet, og ein går gjennom planområdet i eit kupert terreng opp til høgdedraga.



Figur 9: 3D fotoutklipp av området med tilnærma avgrensing av planområdet sett frå Kverna fjorden og opp mot Tveitavarden. (Henta frå www.norgebilder.no.)

⁸ *Krom Holding As, Planskildring – Detaljregulering – Alver næringsområde sør. Utgåve: 1. Dato 09.03.2017. Revidert 05.10.2018, s.16.*



Figur 10: 3D fotoutklipp over området med tilnærma avgrensning for planområdet i raud stipla linje, sett mot sør der ein kan sjå det kuperte terrenget. Planområdet er det ubygde området som ligg mellom dei to eksisterande næringsområda. (Henta frå www.norgebilder.no.)

6.6 SOLTILHØVE

Planområdet ligg sør-vest vendt, med delvis skjerming frå nordaust med bratt stigande terreng. Staden har god eksponering frå sol.⁹

6.7 VEGETASJON, DYRELIV OG ANDRE NATURTILHØVE


Vegetasjonen i området er fattig blandingsskog med for det meste lauvtre med noko innslag av furu (figur 11). I hovudsak har skogen særskilt høg bonitet og deler av området (omtrent $\frac{1}{4}$) er opne hogstflater¹⁰. Anna vegetasjon er generelt fattig bærlyng- og blåbærskogvegetasjon med litt rikare svak lågurtskog i nokre skråningar⁸. Planområdet ligg i dalsøkk som har myrterreng (Figur 11). Myra er ein svak intermediærmyr og skogen er ung og einsjikt med lite utvikla skogstruktur¹¹. Eit lite areal med innmarksbeite er registrert sørvest i planområdet (figur 10). Berggrunnen i planområdet består av anortositt, og stadvis veksling av gabbro¹². Bergarten er svært kalkfattig og gir difor grunnlag til fattig vegetasjon. Lausdekke består nesten gjennomgåande av forvittra materiale.

⁹ Soltilhøve henta frå : <https://suncurves.com/nb/c/149183/>

¹⁰ Rådgivende Biologer AS. (29.03.2023). Rapport 3513. Regulering av gnr. 137 bnr. 832 mfl., Galteråsen næring, Alver kommune. Konsekvensutredning for friluftsliv, naturmangfold og landskap. Henta frå side 5.

¹¹ Rådgivende Biologer AS. (29.03.2023). Rapport 3513. Regulering av gnr. 137 bnr. 832 mfl., Galteråsen næring, Alver kommune. Konsekvensutredning for friluftsliv, naturmangfold og landskap. Henta frå side 5.

¹² Berggrunn info henta frå: https://geo.ngu.no/kart/berggrunn_mobil/




Figur 11: Kart over markslag i planområdet med laga arealtype myr og bonitet AR5 (Henta frå www.kilden.nibio.no.)

Det er registrert få naturverdiar i utredningsområdet. Det er ikkje registrert viktige naturtypar, men fleire framandarter som sitkagran og platanlønn¹³. I nærområdet er det registrert rødflekklav som er sårbar (VU) (figur 12). Nærområdet har også framandarten parkslirekne som er registrert med svært høg risiko (SE) for spreiding.

Innanfor planområdet er fuglearten sandsvale registrert (år 2021). Det er ein raudlisteart som er nær trua (NT). Det registrerte funnområdet strekker seg over store delar av planområdet. Sandsvalene hekker i lågtliggende området i det meste av landet med vesentleg nedgang i bestand. Den har blitt observert hekkande i ein sandsvalekoloni med 20 reir i næringsparken, Alvervegen 25, nordvest for planområdet. Hekkelokaliteten får middels verdi frå KU naturmangfaldsrapport 3513. Utredningsområdet har hovudsakeleg noko verdi som habitat for vanlege arter, spesielt fugl.

Nokon av desse fugleartane er i nærområdet, og satt som sårbar (VU): granmeis, grønfik og hønsehauk, medan gråspurven er nær trua (NT). Ringduen er ikkje raudlista, men har kategori livskraftig (LC), den grensar til planområdet i aust (figur 12). Det er også funne sitronsommarfugl søraust i planområdet. Den er ikkje raudlista, men har kategorien som livskraftig (LC).

¹³ Rådgivende Biologer AS. (29.03.2023). Rapport 3513. Regulering av gnr. 137 bnr. 832 mfl., Galteråsen næring, Alver kommune. Konsekvensutredning for friluftsliv, naturmangfold og landskap. Henta frå side 5.




Figur 12: Registrerte dyr- og planter i nærområdet (Henta frå www.Artskart.no).

6.8 GRØNE INTERESSER

Planområdet grenser opp mot Erstadfjellet (figur 13). Dette er eit svært viktig tur- og friluftsområde. I nærområdet er det fleire stiar og innfallsporlar til Erstadfjellet. Det går blant anna ein tilkomstveg via Galteråsen, som ligg i den vestlege delen av planområdet (figur 12). Denne stien via Galteråsen er i kommunedelplan for Knarvik – Alversund vist som turveg/turdrag¹⁴. Turvegen koplpar seg på stiar som går vidare til Tveitavarden, Erstadfjellet og Kvamsfjellet. Ein anna tilkomstveg til turvegen er via Alver næringsområde, nord for planområdet. I dag nyttar dei fleste som skal til naturområdet denne tilkomsten til turstien/grusstien¹⁵. Anna friluftaktivitet i planområdet er gapahuk/leirplass nord i planområdet ved turstien.

¹⁴ *Kommunedelplan Knarvik – Alversund med Alverstraumen 2019-2031, Plankart.*

¹⁵ *Rådgivende Biologer AS. (29.03.2023). Rapport 3513. Regulering av gnr. 137 bnr. 832 mfl., Galteråsen næring, Alver kommune. Konsekvensutredning for friluftsliv, naturmangfold og landskap. Henta frå side. 29*




Figur 13: Kart med viktige friluftslivsområder frå Naturbase kart¹⁶. Planområdet er markert med raud stipla linje.

KDP KAA fastsett at føresegningsområde #19 (Tveitavarden) har særleg verdi for friluftsliv (Figur 14). Her skal landskaps- og friluftslivsinteresser prioriterast og vektleggjast tungt ved planlegging, handsaming av søknadar og gjennomføring av tiltaka i områda. Innanfor sona vert det ikkje tillate tiltak som kan hindre tilgang til og bruk av området til friluftsliv, eller redusere eksisterande tilstand, kvalitet og opplevingsverdi på anna vis.

Føresegningsområde #15 i KPA KAA stadfestar at det innanfor omsynssone skal opparbeidast samanhengande tursti/gangveg med sikker kryssing. Etablert sti vert nytta som tilkomst til friluftsområda i nord.

¹⁶ Natur base kart. Henta frå: <https://geocortex01.miljodirektoratet.no/Html5Viewer/?viewer=naturbase>




Figur 14: Kartet synar føresegningsområder i KDP KAA som ligger i planområdet. Planområdet er markert med raud stipla linje Svart stipla linje er stiar. (Henta frå KDP KAA arealkart).

6.9 KULTURMINNE

Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i eller nær planområdet.

6.10 VEG OG TRAFIKKTILHØVE

Planområdet (figur 15) er delvis regulert i nordvest gjennom Alver næringsområdet sør (planID 1263-201601), her er det regulert inn moglegheit for tilrettelegging av ein vegtilkomst frå den regulerte vegen i området. Det nye planforslaget vil tilpasse seg dette, men vil ha avgrensa bruk for denne vegen. Det er ønskeleg at primærvveg ut frå området går gjennom planområdet i søraust til Galteråsen (planID 1263- 200903). Sistnemte veg er regulert og bygd heilt inn til planområdet, og munnar i andre enden ut i ein nyleg oppgradert rundkøyring med god kapasitet.




Figur 15: Oversiktskart med reguleringsplanar og planer under arbeid. Kartet visar bygd vegtilkomst inn til planområdet i søraust, samt mogleg vegtilkomst til området i nordvest (Henta frå www.nordhordlandskart.no/pr)

Planområdet har gode koplingar til kommunesenteret Knarvik i sør og område Alversund, Radøy og Austrheim¹⁷. Planområde ligg i nærleik til Fylkesvegen 565 (Alverflaten) i nordvest og Riksveg 57 (Lindåsvegen) i aust. Tilkomstveg til planområdet er ved avkjørsel frå Fv 565 til Galteråsen i aust eller Alvervegen i vest. Alvervegen er ein smal veg utan fortau, medan vegen Galteråsen er større med gang- og sykkelveg.

Trafikkmengde

Trafikkmengda er rekna på Fv.565 (Alverflaten) har ein ÅDT på 8600 og ei fartsgrense på 60 km/t på (figur 16). Det er ikkje registrert trafikkmengd på sidevegane Alvervegen og Galteråsen.

¹⁷ [Planskildring_606498-01-Reguleringsplan Alver, gnr. 137, bnr. 23, i Lindås](#)



Figur 16: Trafikkmengd og fartsgrense i hovudvegane i området er frå Statens vegvesen (vegkart.atlas.vegvesen.no. Henta 19.10.21).

Trafikkulykker


Langs fylkesvegane er det registrert ei rekke trafikkulykker (figur 17). I krysset ved avkjørsel til Alvervegen er det registrert 11 ulykker, medan det er registrert ei ulykke ved Galteråsen.



Figur 17: Trafikkulykker i området. (Vegkart Statens vegvesen. Henta 19.10.21).

6.11 STØY

Det er registrert vegstøy frå Fv 565 Alverflaten og Riksveg 57 Lindåsvegen. Dette råker ikkje planområdet (figur 18).



Figur 18 Vegtrafikkstøy i området. («Støysoner for riks og fylkesvegar», Statens vegvesen. Henta 19.01.21).

6.12 OFFENTLEG KOMMUNIKASJON/ KOLLEKTIVDEKNING

Planområdet ligg like ved Fv. 565 med fleire busstopp i nærleiken. Nærmaste busshaldeplass er Alverflaten, Alverflaten sør og Hordasmia (figur 19). Herifrå går rutene 300, 320, 311 og 326. Samla gjev rutene eit busstilbod med hyppig frekvens i veka. Bussene går til Knarvik terminal, og herifrå kan ein mellom anna ta bussen vidare til Bergen busstasjon og andre stader i regionen. Turen tek i underkant av 1 time. Frå Knarvik, vel 5 km nordvest for planområdet, ligg Knarvik båtkai. Rute 2090 går 6 gonger i veka, og stoppar ved Frekhaug kai og Strandkaien.



Figur 19: Busshaldeplassar i området (Henta frå www.1881.no).

6.13 ENERGI, VATN OG AVLAUP

ENERGI

Det er nettstasjon i nærleiken av planområdet mot Alver i vest¹⁸.

VATN OG AVLAUP¹⁹


Det er eksisterande vassleidningar, spillvassleidningar og overvassleidningar i planområdet, i dei allereie etablerte næringsområda, og langs vegane. Eksisterande vatn og avlaup og overvasshandtering er omtalt i meir detalj i VA-rammeplan.

Avrenning innanfor planområdet vil i hovudsak renne mot nord og nordvest, og nedslagsfelt er delt i 4 (figur 20). Overvatn som ikkje vert infiltrert i grunnen vil til slutt ende i Tveitavatnet ca. 1,5 km nord for planområdet. Deler av området i sør vil derimot ha avrenning sørover, og overvatn som renn her vil til slutt ende i Kvernafjorden.

¹⁸ Henta frå Ros-analysen til KDP KAA 2019-2031, s.32.

¹⁹ Frå VA-rammeplan rapporten til Haugen VVA, oppdragsnr.:21002, 18.01.22

Flaumvegar ligg på nordsida av planområdet. I privat del av Alvervegen er det registrert bekkefarar som renn mot nord og nordvest. Bekkefara samlast og ender i Tveitvatnet ca. 1,5 km mot nord. Ettersom desse oppstår på nordsida av planområdet, vil dei ikkje representere nokon flaumfare for ny utbygging. Det er elles ikkje registrert nokre vassvegar av betydning i området.



Figur 20: Teikning/Vedlegg 21002-003 av overvasshandtering – Dagens situasjon overvasshandtering (Henta frå VA-rammeplan frå Haugen VVA).

6.14 PRIVAT OG OFFENTLEG SERVICETILBOD

Vest for planområdet og Alverflaten ligg det samanhengande bustadfelt. Dette er ein forlenging av bygde område nordvest for Knarvik senter og er ein del av skulekrinsen for Alversund. Nord og sør har næringsareal som er basert på forretning/kontor/service.

Dei nærliggjande senterområda er Alversund, Isdalstø og Knarvik. Der finn ein daglegvarehandel og dei fleste tilbod ein treng. Nærmaste bensinstasjonen ligg i Isdalstøbakken og i Isdalstø sentrum. Nærmaste ladestasjon ligg i Knarvik sentrum, om lag 3 km frå planområdet.²⁰

Administrasjonssenteret Knarvik er lokalisert om lag 3 km sør for planområdet. Her finst det eit større utval av offentlege- og privat servicetilbod der ein mellom anna finn bibliotek, vinmonopol, kjøpesenter, politi, frisør, hagesenter, og byggvarehandel.

²⁰ Kollektivt kart info. Henta frå <https://kart.1881.no/?r=F8119809>

6.15 RISIKO

Ras-og skred

Sårbarhetsvurderinga for ras- og skred i ROS-analysen til KDP KAA 2019-2030 for BN1-Galteråsen, syner at heilt aust i området er det merka eit lite utløpsområde for snøskred (figur 21). Sjølv om det er eit svært lite område som er merka kan ein ikkje avskriva at ei hending med skred vil kunne skje. Eit skred vil kunne føra til skade eller ulempe for både liv og helse og materielle verdiar, og området vert vurdert til å vere moderat sårbart. Området er ikkje utsett for flaum.²¹

Klimagassutslepp

Ved bygging på fleire myrområde innanfor planområdet kan det føra til at den naturlege handteringa av overvatn vert råka. Området vert vurdert til å vere moderat sårbart i følgje ROS-analysen til KDP²². Klimagassutslepp vil også førekomme ved nedbygging av myr. Annan risiko vil vere tap av habitat for økosystema i myrområdet²³.



Figur 21: Dei innspelte områda merka med gult og aktsemdssone for skred merka med raudt (snøskred) eller svart (steinsprang). (ROS-analyse for BN1 Galteråsen frå KDP KAA 2019-2030, vedtatt 15.10.2019. Lindås Kommune).

Anna forureining

Klimautslepp og anna forureining i området kan ha kome ved utbygging av nærliggande næringsområda nordvest og sør for planområdet²⁴. Frå tidlegare målingar av radonstråling i Lindås kommune, er det lite som tilseier at den reelle radonstrålinga vil overskride grenseverdiane²⁵.

Trafikkforhold

Det er registrerte trafikkulykker utanfor planområdet på Fv.565 Alvermarka, spesielt ved krysset Alvermarka og Alverflaten. Trafikksituasjonen mellom kryssa er dermed ikkje så god. Rundkøyninga ved Galteråsen avlastar og gjev betre trafikktryggleik til heile planområdet.²⁶

²¹ ROS-analyse til KDP Knaarvik-Alversund med Alverstraumen 2019-2031, s.17

²² ROS-analyse til KDP Knaarvik-Alversund med Alverstraumen 2019-2031, s.24

²³ Henta frå: <https://www.statsforvalteren.no/innlandet/miljo-og-klima/naturmangfold/myra-er-viktig-for-naturmangfold-og-klima/>

²⁴ ROS-analyse til KDP Knaarvik-Alversund med Alverstraumen 2019-2031, s.29

²⁵ ROS-analyse til KDP Knaarvik-Alversund med Alverstraumen 2019-2031, s.48

²⁶ Sivilingeniør Helge Hope AS, 10.02.2023, Detaljreguleringsplan for Galteråsen, Alver kommune, Trafikkanalyse i pdf, s. 12

6.16 PRIVATRETTSLEGE BINDINGAR

Ingen kjende.

7 UTGREIING I HHT. FØRESKRIFT OM KONSEKVEN舜UTGREIINGAR

For planer og tiltak som kan ha vesentlege verknader på miljø, naturressursar, kulturminne eller samfunn skal det gjennomførast ein konsekvensutgreiing. Føremålet med forskrifta kjem fram i § 1²⁷. Forskrift om konsekvensutredning er gjeve med heimel i pbl (Plan- og bygningslova) andre del kapittel 4. Generelle utredningskrav²⁸. Tiltakshavar skal sjølv vurdere om planforslaget er omfatta av forskrifta, jf. § 4.

Konklusjonen vart at planlagt tiltak for Galteråsen næring utløyser krav om konsekvensutgreiing etter Forskrift om konsekvensutredning.

8 SKILDRING AV PLANFORSLAGET

8.1 PLANLAGT AREALBRUK

Planforslaget legg til rette for å utvikle eigedom 137/832 mfl. til eit næringsområde med tilhøyrande infrastruktur. Den tiltenkte funksjonen vil i hovudsak vere lagerverksemd og annan plasskrevjande næring. Planen vil vere med på å kople saman dei eksisterande næringsområda nordvest og søraust for planområdet. Planforslaget legg opp til seks næringsareal som kan delast i tomter ved detaljprosjektering.


Tilkomst vil vere frå den kommunale vegen Galteråsen som er knytt til Fv 565. Med ferdig tilrettelagt felt vil det vere ei samanhengande veg med gang- og sykkelveg gjennom planområdet. Då dei to etablerte næringsareala har tilrettelagt gang- og sykkelveg på kvar si side av vegen, er det nødvendig å bytte side på gang- og sykkelveg i starten av planområdet ved BN1 og BN2 (figur 22). Då vert det lengste strekket kopla med gang- og sykkelveg på sørsida av vegen, som så vert kopla til næringsarealet i sør.

Deler av planområdet er i reguleringsplanen regulert til LNFR, og omsynssone for friluftsliv (H530_6) i samsvar med KDP. Planforslaget held på LNFR (L1 og o_L3) området frå KDP KAA, samt omsynssone for friluftsliv (H530_6), der delar av området i planforslaget er lagt om til føresegningsområde #1. Føresegningsområde #1 skal sikre at all inngrep innanfor området avtalast med grunneigar av tomta, og ved endringar skal det leggest til rette for avbøtande tiltak for naturmangfaldet. Etter avtale med grunneigar av tomta kan det tillast flytting av turveg og vassleidning, dersom det sikrast tilkomst gjennom næringsområdet inn til tomta deira. Dette er sikra i planføresegner. I L2 sikrast vegetasjonsskjerm som bidreg til skjerming for gbnr. 137/14.

Gjennom planområdet er det avsett areal for etablering av ein turveg, då eksisterande turveg i planområdet fjernast. Langs den nye turvegen skal det etablerast informasjonstavler og områder avsett til aktivitet for turgåarar og barn og unge. Dette skal bidra til at det blir attraktivt å nytte turvegen som fører til et større samanhengande friluftareal.

²⁷ Forskrift om konsekvensutredning, FOR-2017-06-21-854. Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-06-21-854>

²⁸ Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven), LOV-2008-06-27-71, <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-06-21-854>



Figur 22: Plankart laga av Ard arealplan. Sjå vedlegg.

8.2 REGULERINGSFØREMÅL

Planforslaget legg opp til at arealbruk er i samsvar med gjeldande KDP, jf.§12-5, plan- og bygningslov.

Arealføremål	Areal (m ²)
§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg	Areal (m ²)
1300 - Nærings bygningar (BN1)	5019
1300 - Nærings bygningar (BN2)	4248
1300 - Nærings bygningar (BN3)	13796
1300 - Nærings bygningar (BN4)	16047
1300 - Nærings bygningar (BN5)	28324
1300 - Nærings bygningar (BN6)	16955
Sum areal denne kategori:	84389
§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	Areal (m ²)
2010 - Veg (f SV)	157
2011 - Køyreveg (f SKV)	3854
2015 - Gang-/sykkelveg (f SGS1)	356
2015 - Gang-/sykkelveg (f SGS2)	1027
Sum areal denne kategori:	5394 m ²

§12-5. Nr. 3 – Grønnstruktur	Areal (m ²)
3031 - Turveg (GT1)	1293
3031 - Turveg (GT2)	897
Sum areal denne kategori:	2190
§12-5. Nr. 5 – Landbruks-, natur- og friluftsføremål og reindrift	Areal (m ²)
5100 - LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden (L1)	15048
5100 - LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden (L2)	737
5100 - LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden (o L3)	16450
Sum areal denne kategori:	32234
Totalt alle kategoriar:	124208 m²

Føresegningsområder	
§12-7 – Føresegningsområder (#1)	Areal (daa)
1 - Utforming	17,84
Sum areal denne kategori:	17,84 daa = 17840 m ²

8.3 BYGGEFØREMÅL

Byggeføremål	
Reguleringsføremål	Nærings bygningar
Areal	85,4 daa
Byggehøgde	(K+80)*4, (K+81)*5 og (K+82)*2
%-BYA	55%

8.4 NÆRING

Planområdet består av BN1, BN2, BN3, BN4, BN5 og BN6. Alle områda har utnytting på maksimal %-BYA=55%. I tabellen 1 under er det synt kva BYA (bygd areal) dette opnar for.
Tabell 1: BYA.

Felt	Areal	BYA (%-BYA x Areal / 100)
BN1	5 019 m ²	2760,45 m ²
BN2	4 248 m ²	2336,40 m ²
BN3	13 796 m ²	7587,80 m ²
BN4	16 047 m ²	8825,85 m ²
BN5	28 324 m ²	15578,20 m ²
BN6	16 955 m ²	9325,25 m ²
Total	84389 m²	46 413,95 m²


Til saman regulerer planforslaget 6 næringsareal innanfor planområdet. Illustrasjonsplan viser næringsareala delt i 11 tomter. Alle tomtene har ei utnytting på %-BYA 55%, og maksimal BH er sett til 15 meter. Storleiken er mellom 4,2-10,3 daa. Dette opnar opp for at ei rekke ulike verksemdar kan etablere seg. Tabellen nedanfor viser ulike nøkkelinformasjon om kvar enkelt tomt.

Tabell 1: Nøkkelinformasjon om tomta.


Tomt	Areal	Planeringshøgde	Byggehøgde
Tomt 1	5,019 daa	k+65	k+80
Tomt 2	4,248 daa	k+65	k+80
Tomt 3	6,841 daa	k+65	k+80
Tomt 4	7,355 daa	k+67	k+82
Tomt 5	6,789 daa	k+65	k+80
Tomt 6	8,389 daa	k+67	k+82
Tomt 7	7,633 daa	k+65	k+81
Tomt 8	6,968 daa	k+66	k+81
Tomt 9	9,427 daa	k+65	k+81
Tomt 10	9,657 daa	k+66	k+81
Tomt 11	10,630 daa	k+66	k+81



Figur 23: Illustrasjonsplan med snittlinjer.



Figur 24: Terrenngnitt 1-3 sett mot nordvest.



Figur 25: Terrenngnitt 4-6 sett mot nordvest.

8.5 PARKERING

Parkeringsplassar for både sykkel- og bil skal løysast innanfor kvart område/tomt, og tilkomst vil skje via Fv565 og Kv1245. Parkeringsplassane er tiltenkt kontor, næringsverksemd/verkstad og lager.

Planforslaget legg opp til parkering som gjeld i KDP KAA der parkeringa er inkludert i BYA. Parkeringskrav for planforslaget følgjer parkeringsnorma til føresegnene i KDP (tabell 3).

Tabell 3: Parkeringsnorm gjeldande for planforslaget, informasjon henta frå KDP KAA krav.

Parkeringsnorm					
		Sykkel (minstekrav)		Bil	
		Region-/nærsepter	Andre områder	Region-/nærsepter	Andre områder
Føremål	Per				
Kontor *	100 m ² BRA	2	1	min 1/ max 1,5	min 1,5/ max 2
Industri, verkstad, inkl. handel store varegrupper*	100 m ² BRA	0,5	0	min 0,5/ max 1	min 1/ max 1,5
Lager	100 m ² BRA	0	0	min 0,4 /max 0,8	min 0,4 /max 0,8

BILPARKERING

Planforslaget legg opp til vanleg bilparkering, HC- parkering og parkering for el-bil. HC-parkeringane skal dekke omlag 5 % av alle parkeringane, og el- parkering skal utgjere omlag 10 % av alle parkeringsplassar. I illustrasjonsplan er det foreslått tal på bilparkering på kvar tomte. Utrekninga går ut i frå at tomtene 1-11 har 15% kontor og 85% lager av BYA med maks kravet. Det vert da til saman omtrent 366 vanlege parkeringsplassar og omtrent 16 HC-parkeringar.

SYKKELPARKERING

Sykkelparkering planleggast innafor kvar tomte, og følgjer krav til KDP KAA (sjå tabell 1). Planforslaget legg opp til at plasseringa av sykkelparkeringa anten kan vere utanfor eller i bygga.

Illustrasjonsplan (Figur 26) er eit forslag på korleis ein kan tenke seg parkering i framtida. Forslag til parkeringa legg opp til at arealet til parkeringsplassen er rundt 18 m² per biloppstillingsplass ved overflateparkering, det vil også gjelde i parkeringskjellar om det vert tilrettelagt.



Figur 26: Utsnitt av illustrasjonsplan forslag til parkeringsareal i planområdet. Kilde: Ard.

8.6 TURVEG OG TILKOMST TIL FRILUFTSOMRÅDE

Turveg og opphald i friluftsområde er aktuelt i planen etter «Føresegningsområde #15 i KDP KAA stadfestar at det innanfor omsynssone skal opparbeidast samanhengande tursti/gangveg med sikker kryssing. Etablert sti vert nytta som tilkomst til friluftsområda i nord», sitat henta frå pkt. 6.8. Gjennom planprosessen og fleire møter har ein diskutert korleis ein vil løysa dette.

Ved innsending til 1. behandling hadde planforslaget konkludert med å flytte turstien utanfor næringsområdet. Merknadane som kom i samband med offentleg høyring omhandla mellom anna at denne løysinga ikkje er ynskjeleg. Det vart gjennomført eit møte med Alvermarka og Ikenberg Vel og Trollskogen barnehage etter offentleg høyring (datert 17.10.2022). Tema var plassering av turveg gjennom næringsområdet. De to alternativa som vart diskutert er skildra under «Val av turveg».

Under arbeidet med alternativa vart det stadfesta at dei fleste brukar eksisterande turveg, og at både Alvermarka og Ikenberget Vel og Trollskogen ynskja å behalde den eksisterande turvegen. Etter dialogmøte med gjennomgang av alt. 1 og 2 kom det tilbakemelding om ønska alternativ. Alvermarka og Ikenberget Vel vurderte alternativ 2 som den beste løysinga, men med tydlegare sti gjennom beiteområdet. Trollskogen barnehage konkluderte med at begge alternativa er ynskja, så lenge barn og unge sine interesser vert ivaretekne.


Frå utarbeidd konsekvensutgreiing for friluftsliv, naturmangfald og landskap²⁹, har det også blitt konkludert med at ei omlegging av tilkomstvegen til friluftsområdet kan vere ei tryggare løysing (plasseringa er den same som alternativ 2).

8.6.1 Val av turveg

Planforslagets val av trasé for turveg tek utgangspunkt i merknader etter offentleg høyring, tilbakemeldingar frå grunneigarar, Alvermarka og Ikenberget Vel, Trollskogen barnehage og KDP sine retningslinjer. Området er det viktigaste friluftsområdet for bustadområda på Ikenberget, Stølane og Alvermarka, og det er det einaste større området som ligg innanfor gangavstand frå bustadfelte. Eksisterande sti (blå samanhengande linje i Figur 27) er om lag 420 m.

Val av turveg vert gjort ut frå ei vurdering av avstand, terrengtilhøve og kopling til eksisterande stiar utanfor planområdet. Dei to alternative turtraséane er vist med grøn og oransje farge i figur under.

²⁹ *Rådgivende Biologer AS datert 29.03.2023. Rapport 3513 med tittel: Regulering av gnr. 137 bnr. 832 mfl., Galteråsen næring, Alver kommune. Henta frå s. 29-30.*



Figur 27: Skisse sti Galteråsen næring med eksisterande sti og alternativ 1 og 2 for planlagt sti.

8.6.2 Alternativ 1

Alternativ 1 (grøn stipla linje) omhandlar etablering av tursti gjennom planområdet i aust. Stien er lagt vekk frå grunneigar (gbnr. 137/14) sitt beiteområde. Alternativet tek utgangspunkt i eksisterande sti (blå stipla linje) i nord, vest og sør, og leggjer til rette for ny sti gjennom næringsområde. Dagens bruk av eksisterande sti til lavvo-området er godt brukt av Trollskogen barnehagen. Frå Alverflaten til den eksisterande turvegen i Tveitevarden er det ein avstand på om lag 650 m. Fordelen med alternativ 1 er at ein ikkje tek i bruk LNF-areal/beiteområdet til gbnr. 137/14, og er tilpassa friområdet som allereie er godt brukt av barnehagen. Friområdet er eigd av kommunen. Ulempa med alternativet er at avstand til Tveitevarden sin turveg vert lenger.

8.6.3 Alternativ 2


Alternativ 2 (oransje stipla linje) viser etablering av turveg gjennom planområdet frå eksisterande tursti som går gjennom beiteområde til gbnr. 137/14. Alternativet er basert på eksisterande tursti som er ein del av dagens samanhengande turveg/sti til Tveitevarden. Avstanden til og frå Alverflaten til turveg i Tveitevarden er ca. 458 m. Dette er omtrent same avstand som eksisterande turveg. Ulempa er at den tek i bruk beiteområdet til gbnr. 137/14, noko som ikkje er ønska av grunneigar. Dersom eigar vel å stengja området for bruk, kan ein ikkje nytte vegen.

8.6.4 Val av alternativ til planforslaget

Planforslaget legger opp til alternativ 1 ettersom ein ikkje treng å krysse gbnr. 137/14. Hovudgrunnen til valt alternativ er at eigar av gbnr 137/14 ikkje ønskjer at turvegen går gjennom deira eigedom slik den gjer i dag. Eigendommen vert teken i bruk til innmarksbeite, og dermed har eigar rett til å stengje området i følgje Frilufsloven §3. Valt plassering av turveg sikrar at koplinga til frilufsområdet ikkje blir stengt.

Turstien vil ha tilkomst til næringsområdet frå eit område som allereie er godt teken i bruk av Trollskogen barnehage med eksisterande turveg/sti i sør.

Turvegen har arealføremål GT1 og GT2 (Figur 28). Breidde til turvegen er 10 meter. Planforslaget opprettheld ein turveg til frilufsområdet i nord, og sikrar kopling til frilufsområdet på same måte som føresegsområdet i KDP.



Figur 28: Utklipp av plankart med valt turveg (Alternativ 1). Kjelde: Ard

Ved utforminga av turvegen vert det lagt vekt på tryggleik og oppleving. Opplevinga er i form av areal avsett til aktivitet for barn og unge, til dømes balansebommer/balansesokkar, klatrestativ, vippehuske, informasjonstavle, m.m. (figur 29-30). Det skal etablerast minimum 2 aktivitetselement på kvart aktivitetsområde. Det skal etablerast totalt 4 aktivitetsområde innanfor GT1 og GT2. Planføresegn sikrar at aktivitetsområde og aktivitetselement vert oppført innanfor turvegen. Kva type aktivitetselement som skal etablerast, skal gå fram av situasjonsplan/utomhusplan.

Turvegen har ein kurvatur med helling som skal skaper plass til grøntareal og ein følelse av skjerming frå nærliggjande bygg (figur 29 og figur 31). Turvegen skal ha tre og belysning.

Tre skal ikkje kome i konflikt med friskt.


Planforslaget legg til rette for turveg gjennom næringsområdet, som i hovudsak skal vere ein gjennomgang/tilkomst til friluftsområdet (figur 30). Planforslaget legger opp til etablering av informasjonstavler til turgåarar, barn og unge langs stien. Informasjonstavlene skal skape ein oppleving av at ein skal til eit friluftsområdet og at det er tenkt som ein gjennomgang med kort opphaldstid. Tiltaket vil bidra til å knyte saman friområdet i nord og sør.



Figur 29: Perspektiv turveg forslag. Kjelde: Lihiba AS




Figur 30: Utlipp av forslag til illustrasjonsplan med turveg gjennom næringsområdet. Kjelde: Ard.




Figur 31: Snitt turveg GT1. Kjelde: Ard

8.6.5 Parkering til frilufsområdet i nordvest

For å betre tilbode knytt til parkering har det vore ynskje at ein kan legge til rette for parkeringsplass for turgåarar i nordvest, markert på kartet under (figur 32- 33). Denne parkeringa vil bidra positivt ved at den sikrar parkering til turgåarar som ikkje bur innanfor gangavstand til turområdet.



Figur 32: Plankart, Alver næringsområde. (Henta frå www.norhordalandskart.no). Forslag til parkering er vist med raud sirkel og stipla raud linje viser forslag til tilkomstveg. Kjelde: Ard



Figur 33: Plankart med tilstøytene planer som og viser plassering av parkeringa. Kjelde: Ard

Forslag til plassering av parkeringsplass er i eit området som tidlegare skulle nyttast til sandlagring av kommunen. I dag er ikkje område i bruk, og kan lett leggjast om til parkering for turgåarar. Alvervegen er tiltenkt som gangveg frå mogleg parkering til friluftsområdet. I reguleringsplan til Alver næringsområde (Figur 32) vil gangvegen leggjast på regulert fortau (f_SF) og veg (f_SKV1, f_SKV2 og f_SKV3). Kryssa i reguleringsplanen har fri siktlinje og sikra belysning. Det har vore dialog med kommunen om etablering av parkeringa, og dette er no godkjent. Dette vil vere positivt med parkering i dette området, då det dekker behov for parkering til turgåarar som ønsker å starte turen i nord. Eksisterande og ny turveg skal skiltast i begge retningar.

8.7 UTEOPPHOLDSAREAL

Planforslaget legg opp til å behalde den eksisterande gapahuken nord i planområdet (sjå pkt. 6.8) og det opnast for å etablere naturleikeplass i føresegningsområdet #1.

8.8 KULTURMINNE

Det vart gjennomført ei synfaring 12. oktober 2021. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne, sjå vedlegg.

8.9 SAMFERDSEL

8.9.1 Veg

Reguleringsplanen legg opp til å kople eksisterande næringsområde i nord (Alver næringsområde) til Galteråsen næringsområde med ein gjennomgåande samleveg³⁰. Vegbreidda i denne planen er dimensjonert med flater som har breidde på 7 meter. Vegene er universelt utforma, og koplar seg saman med etablert veg i nord og sør. Vegane til planområdet regulerast som tilkomst til næringsområde, i tråd med N100 – Veg- og gateutforming (SVV). Planforslaget legg opp til at vegen dimensjonerast til store køyretøy slik som dei tilstøytane planane.

8.9.2 Køyreveg

Tilkomst til planområdet vil vere via Galteråsen (Kv1245) som er tilkoppa Alverflaten (Fv 565). Alvervegen nordvest i planområdet har ein mogleg tilkomstveg gjennom Alver næringsområde, fram til krysset med Fv.565 Alverflaten. Krysset Kv.1001 Alvervegen / Fv.565 Alverflaten er ikkje tilstrekkeleg dimensjonert for større køyretøy. Det vil difor vere positivt for trafikkavvikling og trafikktryggleik at næringstrafikk vert leia ut via Galteråsen til rundkøyringa med Fv. 565.


Planforslaget legg opp at vegen skal dimensjonerast i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker for dimensjonerande køyretøy MVT. Etter at vegen er opparbeida skal vegen stengast permanent i form a både skilting og fysisk stenging. Dette er sikra i føresegnene.

Den permanente stenginga skal plasserast innanfor detaljreguleringsplan for Alver næringsområde, gnr. 137, bnr 325 og 459 mfl., PlanID: 1263_201206 (Figur 34). Stenging av vegen skal skje på ein av dei tre plasseringane foreslått i Figur 35. Konkret plassering av stenginga skal avgjerast i samråd med VLFK, grunneigar og Alver Næringsområde før ferdigattest for vegen f_SKV.


Stenging av vegen skal hindre gjennomgangstrafikk av store køyretøy frå næringsområda nord i planområdet. Denne løysinga vil føre til at krysset Kv.1001 Alvervegen / Fv.565 Alverflaten vert avlasta for næringstrafikk og forbeholdtast trafikk til eksisterande bustader og næringsverksemd. Den fysisk permanente stenginga vil føre til at gardsdrifta vil få lenger køyreveg.

Ved stenging av avkøyrse må skilting langs fv. 565 endrast. Skilt til næringsområde flyttast frå nord til krysset ved rundkøyringa i sør. Det må utarbeidast ein skiltplan som skal sendast til godkjenning hjå Vestland fylkeskommune, før vedtak hjå Statens vegvesen.

³⁰ Trafikkanalysen datert 15.05.2023. Henta side 14.



Figur 34: Illustrasjon med tilstøtende planer som viser koplinga av vegen i nord og sør, og forslaga til plassering av betong mur innanfor raud sirkel. Kjelde: Ard



Figur 35: Enkel illustrasjon over forslag til plassering av betong mur tiltak for fysisk stenging i naboplan Alver Næringsområde (Planid: 1263_201206). Kjelde: Ard

8.9.3 Gang- og sykkelveg

Planen har lagt opp ein-sidig gang- og sykkelveg (f_SGS1-f_SGS2) med bredde på 2,5 meter, som koplaster saman med dagens veg frå Galteråsen. Dette sikrar trygg veg for mjuke trafikantar og ein samanheng med tilstøytane næringsområde.

8.10 AVFALLSHANDTERING/MILJØSTASJON


Ikkje relevant. Næringsavfall vert levert til eit behandlingsanlegg etter Forureiningslova §32. Plassering av avfallet vil samlast innanfor kvart felt før det vert levert vidare.

8.11 GRØNSTRUKTUR

Planforslaget legg opp til LNF føremål L1, L2 og o_L3. L1 og o_L3 ligg i nord mot friluftsområdet Tveitevarden. o_L3 er eigd av Alver kommune og L1 er privat eigd av fleire. L2 i sør innanfor privat tomt 137/14. I L1 og o_L3 tillèt føresegningsområde #1 skjering/fylling ved å attbruka jordmassar i opparbeidinga av næringsområdet, sjå pkt. 8.1 og 9.2. Det er også planlagt ei sambandslinje frå næringsområdet til eksisterande trase for friluftsområde i nord, slik at landbruk i området får tilgang til områda sine. Eksisterande Gapahuk/leirplass skal skjermast og takast hand om. Planforslaget legg også opp til omlegging av eksisterande tursti nord i planområdet (Figur 36). Dette kjem av at hovudvassleidning vil liggja for nær næringsareal og under tilpassa terreng. Elles vert resterande areal etter opparbeiding av bygg, parkering, veg, skjeringar og turveg lagt om til grøntareal. Vegetasjonen i planområdet skal vere stadeigen og pollineringsvennleg.



Figur 36: Utklipp av illustrasjonsplan forslag. Kjelde: Ard.



Figur 38: Teikning/Vedlegg 21002-003 av overvasshandtering – utbygd situasjon (VA-rammeplan frå Haugen VVA).

8.13 RISIKO

8.13.1 Støy

Nytt føremål for næring medfører støy. Vedlagt støyrapport, datert 31.03.2023, omtalar problemstillingar og tiltak.

Støykjelder som planforslaget legg opp til er typiske aktivitetar og støykjelder for nærings-, handverk- og lagerverksemd med tilhøyrande administrasjonsbygg og kontor. Støy frå tyngre industri er ikkje vurdert då føremålet ikkje er aktuelt for planen.³¹ Rapporten ser på mogleg utstrekning av gul støysone for ulike verksemdar.

Planforslaget legg opp til moglege tiltak nemnt i støyrapporten. Dette er tiltak som kan redusere utstrekninga av gul støysone betrakteleg. Tiltaka som listast opp under er henta frå støyrapporten (side 20):

- Skjerming av planområdet med voll eller skjerm.
- Lokal skjerming av utandørs aktivitetar.
- Avgrense driftstider (minst mogleg aktivitet på kvelds- og dagtid om nødvendig).
- Bruke støysvakt utstyr.
- Mest mogleg aktivitet innandørs.
- Nytte fasadar med god fasadeisolasjon for å redusere avstrålt lyd frå innandørs aktivitetar i bygningane.

³¹ Støyrapport_Galteråsen datert 31.03.2023. Henta frå s. 19 av 30.

«Eksisterande terreng og voll vest/sørvest vil gje god skjerming for mange av aktivitetane i planområdet. Med planlagt busetnad, vil dette gi enda betre skjerming av omkringliggende bustadar. Lokale skjermar rundt støykjelder utandørs kan vere eit effektivt tiltak dersom støykjeldene er stasjonære.»³²

Planforslaget skal kunne oppretthalde krav for støy mot bustad. Rapporten vurderer og kva effekt planforslaget vil ha på nærliggande friluftareal.

«Dersom det blir bygget driftsbygningar på tomtene som vist på illustrasjonsplan forventast ikkje overskriding ved friarealet ved gapahuk. Det forutset at det ikkje plasserast uskjerma, støyande, tekniske installasjonar (vifter, aggregat) på vegg/tak i synsfelt mot området. Dersom ein ikkje får skjermingseffektar frå bygningane kan det bli aktuelt med skjerm i kanten av planområdet. Omfang av skjerming vil avhenge av type industri som etablerast. Gapahuk ligger relativt høgt (+81 m) samanlikna med tomten (+66,5 m). Dette gjer det utfordrande med effektiv skjerming. Det kan dermed bli aktuelt med skjermhøgder 3 – 4 m. Eventuelt kan en skjerm kombinerast med ein jordvoll. Det anbefalast å ta ei nærare vurdering av behov for tiltak etter ein har bestemt detaljer om valt industri»³³

Det vurderast at delar av friareala som ligg i gul støysone på nordsida ikkje vil vere attraktivt for turgåarar grunna det bratte terrenget, sjå side 28-29. Planforslaget legg opp til at ein vurderer støyskjerming mot nord sidan der det blir aktuelt, spesielt med tanke på der gulesonen treffer eksisterande tursti trase. Planforslaget legg opp til at det er mogleg med planting av skog i føresegsområdet #1, dette kan vere ei løysing på støydempende tiltak mot eksisterande tursti-trasé.

Oppsummering av støyvurdering³⁴:

I vurderingane er det forutsett at ny verksemd kan vere næringsverksemd, handverk- og lagerverksemd med tilhøyrande administrasjonsbygg og kontor. For disse verksemda kan ein forvente en del utandørs aktivitet.

Ved bruk av relativt høge nivå for kjeldestyrke og lange driftstider (12 timer pr dag) i hele planområdet viser utrekningane at ein vil tilfredsstille grenseverdi i T-1442. Også ved drift 24 timer i døgnet vil en tilfredsstille målsetnaden for støy ved alle busetnadar. Det er eit unntak for en situasjon utan bygg vest i området, som kan gje ei overskriding av 2-3 dB ved eit par bustadar vest for planen (Alverveien 23 og 37).

Sjølv om ein er innanfor anbefalte grenseverdier i T-1442 anbefaler støyretningslinja å arbeide for lågast mogleg utbreiing av støy til omgjevnadane. Det anbefalast difor at bedriftene som etablerer seg i området tar omsyn til at det er relativt korte avstandar til bygg, og så langt det er mogleg følger punkta skissert i kapittel 7.2.3 i støyrapporten.

Kvar enkelt bedrift som skal etablere seg i planområdet bør gjere greie for støy til omgjevnadane før etablering. Videre må en prosjektere støy frå utandørs ventilasjons- og kjøleaggregatet i samband med byggesak.

³² Støyrapport_ Galteråsen datert 31.03.2023. Henta frå s. 20 av 30.

³³ Støyrapport_ Galteråsen datert 31.03.2023. Henta frå s. 28 av 30.

³⁴ Støyrapport_ Galteråsen datert 31.03.2023. Henta frå s. 30 av 30.

Grenseverdiar i T-1442/2021 er lagt til grunn i støyvurderinga. Her er grensa for «øvrig industri» $L_{den} \leq 55$ dB. Sidan det er fleire andre reguleringsplanar i området, samt vegtrafikkstøy for bustadar på sørsida, er det i rapport anbefalt en målsetting som er 5 dB lågare, dvs. $L_{den} \leq 50$ dB. Planføresegna sikrar at støy ikkje skal overstige $L_{den} \leq 50$ dB.

Planforslaget legg til rette at støyvurderinga er retningsgivande når det gjeld plassering av støyskjermene tiltak. Støy i anleggsfasen er sikra i føresegna.

8.13.2 Overvatn

Det er avdekt noko risiko for handtering av overvatn ved bygging i myrområdet, då det vert lagt opp til fleire harde flater enn dagens situasjon. Dette vert gjort greie for i VA-rammeplan og i søknad om rammeløyve slik at ein sikrar drenering og areal til fordrøyning i høve til krav. Før gravearbeid startar må det også vurderast om grunnen kan vere forureina (som følgje av nærleiken til potensielt forureina område)³⁵.

8.13.3 Klimagassutslepp

«Arealbruksendring frå myr til utbygd areal vil føre til utslepp av klimagassar, i tillegg til at det også vil gje redusert moglegheit for opptak av klimagassar i framtida. Ved en arealbruksendring vil det vere størst utslepp det første året etter endringa, dersom biomasse på arealet fjernast. Dette reknast som eit umiddelbart utslepp. Det vil også vere prosesser i jordsmonnet som endrast ved endra arealbruk, og disse vil halde fram over noko lengre tid til nedbrytingsprosessar i jorda har stabilisert seg.»³⁶ Tiltak mot klimagassutsleppet har ein samanheng med massehandteringa. Planforslaget legg opp til at ein brukar avbøtande tiltak lokalt ved gjenbruk av jordmassar og planting av skog, sjå pkt. 9.4. Massehandteringsplan skal leggest til grunn før byggesøknad.

8.13.4 Landskapet

Endring frå utbygd areal til bygd vil endre landskapsbiletet. Fuglar har influensområde i næringsområde. I anleggsfasen vil influensområdet kunne vere vesentleg større, spesielt for arealkrevjande fuglearter, grunna forstyrningar. I dette tilfellet vurderast influensområdet å vere 250 meter.³⁷ Avbøtande tiltak er sikra i føresegna ved støyskjerming under anleggsfasen, og at planforslaget følgjer tiltak til støyrapporten. Vurderinga rundt kva type konsekvensar planforslaget har for landskapet vert vurdert i Kap.9.

³⁵ *KDP Knarvik-Alversund med Alverstraumen 2019-2031, ROS-analysen , henta frå s.48*

³⁶ *Rådgivande Biologer AS. 24.04.2022. Notat - Regulering av gnr. 137 bnr. 823 mfl., Galteråsen næring, Alver kommune. CO2-regnskap for myr. Henta frå side. 2*

³⁷ *Rådgivende Biologer AS. (29.03.2023). Rapport 3513. Regulering av gnr. 137 bnr. 832 mfl., Galteråsen næring, Alver kommune. Konsekvensutredning for friluftsliv, naturmangfold og landskap. Henta frå side. 6.*

9 KONSEKVENSAAR AV PLANFORSLAGET

9.1 OVERORDNA PLANAR OG VEDTAK

Frå KDP sin KU for Næring – Galteråsen for Gbnr.: 137/13 og 137/80 kjem det fram at planforslaget vil ha ein middels konsekvens for overordna strategiar/samfunnsdel/planprogram.

«Lokalisering i tråd med føringar i samfunnsdelen; nær avkøyrslø frå Fv. 57, utviding av eksisterande framfor ny etablering. Innspelet er i konflikt med STRATEGI 4: Utvikle grøntstruktur i og rundt sentrum, STRATEGI 75: Leggje til rette for eit aktivt friluftsliv. Nasjonale forventningar til planlegging fremheldt tilgang på grøne område for rekreasjon og naturopplevingar i byar og tettstadar som viktig omsyn i arealplanlegginga.»³⁸

Planforslaget er i konflikt med følgjande punkt i KDP sin KU: nærmiljø, grøntstruktur og friluftsområdet. Grunnen til dette er at naturområdet for barn og unge i nærområdet vil få nokre konsekvensar ved at det vert nedbygd areal. Planforslaget har så langt som det rår følgt opp dette ved å opparbeide turveg gjennom planområdet.

9.1.1 Statlege planretningslinjer og andre overordna planar

Planforslaget er delvis i samsvar med statlege planretningslinjer og andre overordna planar og vedtak. Dette er fordi planforslaget bidreg til endringar i eit området med viktig nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv.

Statlege planretningslinjer for samordna bustad, areal- og transportplanlegging

Planforslaget tilretteleggjar for næring ved eit allereie etablert næringsområde i nærleiken av hovudveg og regionsenter. Dette støtter opp under den statlege planretningslinjer.

Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegging

Planforslaget legger til rette for turveg gjennom næringsområdet, og tek med det vare på tilgang til friluftsområdet. Naturmangfaldrapporten viser til at det ikkje fører til tap av viktig økosystem. Planforslaget legger derimot opp til gjenbruk av masser og planting av skog for å kunne avbøta noko av tapet av friområdet/naturområdet som er nytta av barn og unge. Det er lagt vekt på å ta vare på eksisterande gapahuk/leirplass i nordvest. Planforslaget ynskjer å oppretthalde tilgangen til friluftsområdet, og det regulerast difor inn turveg med ein breidde på 10 meter gjennom næringsområdet.

Etter dialogmøte med Statsforvaltaren 26.11.23, vart det vurdert at dei nye forslaga verken sikrar eit godt tilbod til turgåarar, eller eit fullverdig erstatningsareal for barn og unge jf. Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga. Dette vart grunngeve med at strekninga var lang, og at forslaget difor har lite å tilby barn og turgåarar.

Under er det vist utklipp frå punkt 5 frå Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga:

³⁸ *Lindås kommune – Konsekvensutgreiing og arealvurderingar – Kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen (2019-2031). Henta frå s. 30*

5. Krav til fysisk utforming

Følgende skal vies spesiell oppmerksomhet:

- a. Arealer og anlegg som skal brukes av barn og unge skal være sikret mot forurensning, støy, trafikkfare og annen helsefare.
- b. I nærmiljøet skal det finnes arealer hvor barn kan utfolde seg og skape sitt eget lekemiljø. Dette forutsetter blant annet at arealene:
 - er store nok og egner seg for lek og opphold
 - gir muligheter for ulike typer lek på ulike årstider
 - kan brukes av ulike aldersgrupper, og gir muligheter for samhandling mellom barn, unge og voksne.
- c. Kommunene skal avsette tilstrekkelige, store nok og egnet areal til barnehager.
- d. Ved omdisponering av arealer som i planer er avsatt til fellesareal eller friområde som er i bruk eller er egnet for lek, skal det skaffes fullverdig erstatning. Erstatning skal også skaffes ved utbygging eller omdisponering av uregulert areal som barn bruker som lekeareal, eller dersom omdisponering av areal egnet for lek fører til at de hensyn som er nevnt i punkt b ovenfor, for å møte dagens eller framtidens behov ikke blir oppfylt.

Turvegen gjennom planområdet er om lag 250 meter lang. Det er lagt vekt på at ein skal ferdast trygt gjennom området, men det er ikkje ynskjeleg at folk skal opphalde seg i området over langt tid. Dette grunngjevast med at område til hovudsak vert eit næringsareal. For å skape opplevingar langs turvegen, skal det etablerast areal avsett til aktivitet langs turvegen. Det skal etablerast minimum 4 aktivtrområder totalt i GT1 og GT2, med minimum 2 aktivitetselement i kvart aktivitetsområde. Dette vert eit bidrag til både turgåarar og barn og unge. Planforslaget opnar også for å etablere naturleikeplass i friluftsområdet i nord.

Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing

Ved inngrep i myr bidreg planen til frigjering av CO₂. Dette er konsekvensar som er teken omsyn til ved å tilrettelagte for massetransport lokalt, gjenbruk av masser og utrekning av CO₂ utslepp for myr. Dette vert teken opp nærmare i pkt. 9.4.

9.1.2 Kommunedelplan/områdeplan

Tiltaket er i samsvar med deler av kommunedelplan for området, som hovudsakleg er sett til næringsbygningar og LNFR areal. Planforslaget er utarbeidd i samsvar med overordna KDP når det gjeld føremål til næringsareal. Dette arealet er endra frå LNFR- område til næringsareal for å få til tenlege næringsstomter og ei naturleg og fornuftig avgrensing til tilstøytane areal.

Planforslaget støtter Alver kommune si bakgrunn av regional vekstsone for Knarvik og fastsetjing av regional vekstsone løfta i Alver. Dette med tanke på at det tidigare har vore for lite næringsareal.

Turveg

Kommunedelplanen legg opp til turveg i føresegnsområde # 15, med ei breidde på 5 meter. Planforslaget avviker frå KDP når det gjeld breidde og plassering, ved at turvegen regulerast lenger søraust, og vert 10 meter brei. I plankart og føresegn for KDP KAA er det krav om å ta omsyn til turvegen som går gjennom framtidig næringsområde. Planforslaget vidarefører kravet om kopling til friluftsområdet.

Det sikrast opparbeiding av ny turveg før igangsetting. Planforslaget legg også opp til at deler av turvegen regulerast brei nok til å fungere som sambandslinje i GT2 til friluftsområde L1 og o_L3. Konsekvensen av å flytte turvegen vil i hovudsak vere meir positivt enn negativt for

eigar av gbnr. 137/14, då eigar ikkje ynskjer gjennomgang. Tilkomsten inn til næringsområdet er plassert i eit friområdet som har eksisterande sti.

Vegetasjonsskjerm

KDP KAA har krav i pkt. 3.1.4 Næringsområde (BN) b) «I næringsområda skal det setjast av areal til vegetasjonsskjerm (buffer) mot tilgrensande område eller område med innsyn til næringsområdet. Grønstruktur og skjerming mot andre arealføremål skal fastsetjast i reguleringsplan jf. pbl. § 11-9 nr. 6 og 8.».

Planforslaget legg opp til ei utbygging av terreng som vil føre til fjellskjering mot tilgrensande området i vest og sør. Fjellskjeringa skaper ein naturleg buffer mot tilgrensande område. Det er ikkje lagt grønstruktur/vegetasjonsskjerm på heile strekninga mot tilgrensande område. Det tilgrensande området har også eksisterande vegetasjon og variasjon i terreng som gjer at innsynet mot næringsområdet vert minimalt.

Planforslaget sikrar etablering av vegetasjonsskjerm i vest, på L2 (delar av gbnr. 137/14). Dette er for å sikre redusert innsyn frå eigendomen til næringsområdet.

Nord for næringsarealet har planforslaget ei løysning med gjenbruk av masser og planting av skog. Dette gjev ein type buffer som ein vegetasjonsskjerm og ville gjort. Plassering av vegetasjonsskjerming i delen mot nord vil likevel ikkje bidra til skjerming av bygget, og difor held planforslaget seg til gjenbruk av massar og planting av skog.

Planforslaget legg ikkje opp til eige arealføremål for vegetasjonsskjerm mot tilgrensande område, og avvikar difor delvis frå kravet om vegetasjonsskjerm i KDP pkt. 3.1.4. Føresegnene sikrar etablering av vegetasjonsskjerm i L2. I tillegg vil avbøtande tiltak som variasjon i terrenget, tilståing av skråning og planting av tre bidreg til å redusere innsyn. Utanfor planområdet vert det foreslått planting av vegetasjon mot næring, sjå illustrasjonsplan.

9.2 EKSISTERANDE REGULERINGSPLANAR

Planområdet er delvis regulert i vest gjennom plan for Alver næringsområde sør (planID: 1263-201601). Her er det mogelegheit for tilrettelegging av ein vegtilkomst frå den regulerte vegen i området. Mot søraust grensar planområdet til plan for Galteråsen gnr. 137 (planID: 1263-200903). Det vil ikkje vere store konsekvensar for dei eksisterande reguleringsplanane, men heller ein fordel som vil føre til eit heilskapleg næringsområde i Alver. Planen legg opp til stenging av veg i eksisterande reguleringsplan Alver næringsområde (PlanID: 1263_201206). Det vil føre til ein meir trafikksikker situasjonar ved krysset i nord (på Alvervegen), noko som er positivt for dei eksisterande næringsområda.

9.3 ESTETIKK OG TERRENGINNGREP

Planforslaget vil føre til eit inngrep i landskapet i forhold til dagens situasjon då tomten er ubyggd. Tiltaket kan sjåast som ei samankopling til tilgrensande næringsområde. Planområdet ligg mellom to etablerte næringsområde på Alver; Galteråsen industriområde i søraust og Alver næringsområde i nordvest. Eksisterande næringsområde består av næring og industribygging av ulik utforming, høgde og storleik. Planforslaget vil vere med på å kople

saman desse ved å tilføre ca. 83 daa nytt næringsareal. Dei nye bygga vil i stor grad ha same form som dei etablerte næring- og industribygga i området.

Planforslaget legg opp til at bygga kan ha ein høgde på om lag 15 meter, og tilpassar seg med dette dei tilgrensande næringsbygga i område. Næringsområde ligg i eit område som skråar i sørvestleg retning. Frå fylkesveg 565 og riksveg 57 vil ikkje tiltaket vere synleg. Landskapskarakteren endrast vesentleg lokalt. Næringsområdet vil vere lite synleg frå dei fleste avstandane i nærleiken, med unntak av om ein ser ned på området frå høgda.

Når det gjeld justeringar av terrenget er det foreslått gjenbruk av jordmassar og tilståing av skråningar som avbøtande tiltak. Utbygginga kan føre til justering av eksisterande trasé/turveg på grunn av fylling mot næringsareal, som vidare fører til flytting av hovudvassleidninga under turvegen. Planforslaget skal så langt det rår ikkje medføre endringar i gapahuk/leirplassen nord i planområdet. Det sikrast at det alltid skal vere tilgang til friluftsområde i nord.

Handsaming av massar frå influensområde med framandartane platanlønn og siktgran bør handterast spesielt. Tilsådde skråningane skal plantast med plantar som finst i nærområdet, samt førebygge vekst av fleire framandarter.

Om det vert overskotsmassar vil desse flyttast lokalt omtrent 600-700 meter lenger nord til Gbnr. 137/19. Området her er avsett i kommunedelplanen til mottak av jord for dyrkingsføremål. Jorda skal nyttast som matjord i form av slåttemark og beiteareal for hjort.³⁹ Dette vil gjere massehandteringa meir berekraftig ved at det handsamast lokalt, samt minske utslepp av CO₂ knytt til transport av massar. Utfordringa kan vere at reinsing av masser tek tid og krev tilgang til sorteringsanlegg, samt fører til auka kostnader.


9.4 KLIMAGASSUTSLEPP

CO₂-Regnskap

Tiltaket vil føre til arealbeslag på myr. Tiltaksområde har overlapp med alle myrflater innanfor planavgrensinga (Figur 39). Det må reknast med at fyllingsskråningar vil påverke myrareal utanfor. For CO₂-regnskapet ligg det til grunn at alle myrflater vil gå tapt ved gjennomføring av prosjektet. Myrflatene har til saman eit areal på 19,5 daa. Etter en periode på 20 år vil en endring av 19,5 daa myr til utbygd areal føre til 1129,7 tonn CO₂-ekvivalenter utslepp. Dette er den kombinerte effekten av tapt karbonlagringsevne på grunn av arealbeslag og utslepp frå lagra torvmassar som brytast ned.⁴⁰


³⁹ Rådgivende Biologer AS. (29.03.2023). Rapport 3513. Regulering av gnr. 137 bnr. 832 mfl., Galteråsen næring, Alver kommune. Konsekvensutredning for friluftsliv, naturmangfold og landskap. Henta frå side. 9.

⁴⁰ Rådgivende Biologer AS. 25.04.2022. Notat - Regulering av gnr. 137 bnr. 823 mfl., Galteråsen næring, Alver kommune. CO₂-regnskap for myr.



Figur 39: Kart over planlagt plassering av bygningsmasse, kartlagt myr og målte myrddybder i planområdet. Utstrekningen av myr er større enn vist på arealressurskart. Henta frå vedlegg: Notat - Regulering av gnr. 137 bnr. 823 mfl., Galteråsen næring, Alver kommune. CO2-regnskap for myr.

Det er også mogleg å utføre et avbøtande tiltak for myr, der det kan etablerast en sprengsteinsvoll på tomt gbnr. 137/13 (Figur 40), og opparbeidast viltåker/landbruksareal for kommunen. Dette kan mellom anna nyttast til parsellhage, landbruksareal eller reetablering av skog⁴¹.



Figur 40: Kart med planområdet og eigendomsgrensar. Kjelde: www.norhordalandskart.no

⁴¹ Rådgivende Biologer AS. (29.03.2023). Rapport 3513. Regulering av gnr. 137 bnr. 832 mfl., Galteråsen næring, Alver kommune. Konsekvensutredning for friluftsliv, naturmangfold og landskap. Henta frå side. 6.

Planforslaget legg opp til gjenbruk av både myrjorda og resterande avgravingsmassar til dyrka areal for grasproduksjon og etablering av skog.

Innmarksbeite og grasproduksjon

Eigarane av tomt 3,4,5 og 6 vil nytte 100% av jordmassane til jordbruksføremål. Delen av gbnr. 137/804 som ligg i L1, vil tilbakeførast til hovudbruket som har ytra ynskje om at fyllingsfot vert kledd med jord og dyrka til innmarksbeite for dyra på garden. Dette vil bli utført.

Resterande jordmassar frå området, vil verta flytta 6-700 meter lenger nord til gbnr. 137/19 på område som i KDP er avsett til mottak av jord for dyrkingsføremål, og vil her verta dyrka til slåttemark og beiteareal for hjort. Planområdet myrområda er på 19,5 daa. Eigeidomms del av myrområda, er 0,6 daa, som svarar til utslepp av omlag 40 tonn CO₂ ekvivalentar. Planforslaget vil nytta all jord på eigeidommen til jordbruksføremål. Både myrjorda og resten av avgravingsmassene utgjer om lag totalt 21.000m³ med jord. Med to meters fyllingshøgde vil ein kunne få 10,5 daa dyrka areal for grasproduksjon. Pr. daa grasproduksjon vil ein over 20 år kunne binde 0-2000kg karbon. Om ein tek gjennomsnittet vil ein då i dette tilfellet kunne binde 1000 kg C. Multiplisert med 10,5 daa, vil det over ein 20 års periode binde 10,5 tonn CO₂ ekvivalentar. Dette svarar til at ein i løpet av dei første 20 åra binder 25 % av frigjort CO₂. Etter 80 år vil de totale CO₂-utsleppa gå i null.

Planting av skog

Planforslaget legg opp til planting av skog på gbnr. 137/13 som er på om lag 16 mål. I følgje Miljødirektoratet sin rettleiar M434⁴² er etablering av skog eit godt klimatiltak. KU for friluftsliv, naturmangfald og landskap meiner også at planting av skog kan brukast som avbøtande tiltak.

Planting av 16 dekar skog vil ifølge M-434 binde ca. 53 tonn CO₂ pr år (ved svært høy bonitet), og i løpet av 20 år vil det binde ca. 1050 tonn CO₂. I løpet av 70 år, vil den binde ca.3700 tonn CO₂. Dvs. at kompensierende tiltak vil i løpet av en 20 års periode vege opp for utsleppa ved nedbygging av myr.

Massehandteringsplan⁴³

Det er utarbeida ein massehandteringsplan i samband med reguleringsplanen. Planforslaget vil redusere behov for transport da det er tilstrekkeleg plass til lagring av produktet /masser i området. Det vil vere positivt i forhold til luftforureining og utslepp av klimagassar.

9.5 UNIVERSELL UTFORMING

Planforslaget skal følgje krav og reglar innan for universell utforming for næringsareal. Planlagt køyreveg gjennom området er universell ettersom utbygging av terrenget gjer området flatt. Vegen skal prosjekterast i detaljfasen. På turvegen vert det ikkje stilt krav til universell utforming, men det er fokus på trygg tilkomst gjennom næringsområdet.

⁴² Henta frå: <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/M434/M434.pdf>

⁴³ Massehandteringsplan Galteråsen datert 20.02.23

9.6 KONSEKVENSNAR FOR NABOAR

Området er i overordna plan avsett til næringsføremål. Planforslaget vidarefører i hovudsak denne arealbruken. Planforslaget legg til rette for å ferdigstille og utvide eksisterande næringsområde i tråd med vedtatt arealbruk. På tomten vil det bli tatt ut masser, området vil bli planert og tatt i bruk som næringstomter. Dette vil endre opplevinga for barnehagar som i dag nyttar området til leik i naturen i samband med sine turar. Det vil vere mindre «urørt» natur etter utbygging.

Området vert mykje brukt av turgåarar, personar som bur i bustadfeltet i området og Trollskogen barnehage. Det er viktig for brukarane i området at ein opprettheld koplinga til friluftsområdet slik at det ikkje vert for lang avstand til Tveitevarden friluftsområdet.

Vel 70 meter sør for planområde ligg det to frittliggjande bustader. Dei har tilkomst via fylkesvegen 565. Bustadene er orientert i sørleg retning og vender vekk frå planområdet. Det er ein terrengstigning også frå Alverflaten og opp til planområdet.

Vidare er den sørvestlege delen av planområdet regulert til LNFR, og vil såleis fungere som ein buffer mellom bustader og planlagd næringsbygg. Samla sett vil dette bidra til at tiltaket ikkje vil vere synleg for tilgrensande naboar i sør.

Turgåarar vil kunne sjå anlegget når dei går ned frå fjellet. I og med at store delar allereie er utbygd nord og sør for planområdet, vert dette å oppfatte som ei ferdigstilling av arealet. Anleggsperioden vil bidra til delvis forstyrningar mellom anna me tanke på støy, og planforslaget sikrar avbøtande tiltak som skal følgjast opp vidare gjennom plan.

9.7 TRAFIKK

Vegen skal vere tilrettelagt for næringstrafikk og store køyretøy. Etter at ny veg er opparbeida, skal veg utanfor planområdet stengast permanent, med tilhøyrande skilting. Dette skal hindre gjennomgangstrafikk. Sjå pkt. 8.9. Det skal lagast ein skiltplan før ferdigstilling av veg f_SKV som skal godkjennast av Vestland fylkeskommune før vedtak hos Stansens vegvesen. Det skal skiltast til næringsområdet ved krysset ved rundkøyringa, sør for planområdet.

Næringstrafikken til området kan skape moderate mengder støy, men slik næringsområdet er plassert i terrenget vil det ikkje vere til bry for naboar. Det vert vurdert i støyrapporten datert 31.03.2023 og i ROS-analysen.

9.8 PARKERINGSTILHØVE

Parkering skal løysast innanfor kvart område/tomt. Det er lagt til rette for at dei fleste delområda kan ta imot stor lastebil som kan snu innanfor kvar tomt (sjå illustrasjonsplan med snusirklar i pkt. 8.3).

9.9 KULTURMINNE

Ikkje aktuelt, jf. pkt. 6.9

9.10 FRILUFTSAKTIVITET, NATUROMRÅDE, BARN OG UNGE SINE INTERESSER I NÆRMILJØET

Det planlagde næringsområde ligg tidlegare LNFR- område, tett på og delvis inn på område som er registrert som viktig friluftsområde i kartlegging og verdsetting av friluftslivområde i Lindås kommune 2015-2017. Området har ei relativt høg bruksfrekvens, med mest lokale brukarar. Trollskogen barnehage og fleire skular er viktige brukarar av området. Eksisterande gapahuk/leirplass nord i planområdet vil bli teken vare på i planforslaget. Ved etablering av næringsområde vil turområdet endrast, og den planlagt næring kan oppfattast som ein barriere til turterrenget.

Planområdet er lokalisert ved eit stort friområdet, og har eksisterande turstiar til dette. Planen foreslår fjerning av eksisterande tursti, og opparbeider ein ny turveg gjennom næringsområdet for å behalde koplinga til friluftsområde. Planforslaget vil behalde ein viktig og mykje brukt gapahuk som brukast av barn og unge i friluftsområde. Ved at planforslaget er regulert til framtidig næring i KDP vil det at ein sikrar turveg gjennom planområdet og gapahuken/leirplass halde på nokon av dei eksisterande verdiane for barn og unge.

Planframlegget vil føre til reduksjon av vegetasjon, tap av areal og turstiar. Andre negative konsekvensar av planen er auka støy og lysforureining. Fjernverknaden av området vil og kunne opplevast negativt frå ulike vinklar, og vil avhenge av kvar ein er i terrenget. Planforslaget opprettheldt den viktige tilkomsten til friluftsområde ved å tilretteleggje for turveg.

Ein kan diskutere om det er positivt at mjuke trafikantar skal gå gjennom eit næringsområdet, men denne løysinga gjev kortare avstand og sikrar at mjuke trafikantar ikkje må gå langs bilveg (Alverfalten). Ny turvegen er delvis i tråd med avstandar i Meld. St. 18 (2015–2016) Friluftsliv — Natur som kjelde til helse og livskvalitet. I undersøkinga er det påvist at det ikkje bør vere meir enn 200 meter frå bustad eller opphaldstad til små grøne område, eller 500 meter til større grøne område. Dette er viktig for at områda skal få funksjon som friluftslivsområde og nærturterreng for bebuarane i kvardagen. Nye turvegen opprettheld ein nok så kort avstanden frå opphaldsstad i friområdet i sør har en lengda gjennom næringsområdet på ca. 250 meter. Avstanden frå eksisterande sti ved fotgjengarfelt langs Alverfalten i sør til eksisterande trasé for Tveitevarden i nord er ca. 650 meter. I undersøkinga står det at det bør vere 500 meter, men sidan planforslaget må tilpasse seg terrenget vil det ikkje vere mogleg å få turvegen kortare.

Per i dag er det ikkje opplysningar om kven som vil etablere seg innanfor arealet, men erfaringsmessig er det best å skilje ulike typar aktivitet som næring og friluftsinnteresser. Eit avbøtande tiltak for tap av vegetasjon utanom gjenbruk av massar, planting av skog og turveg kan vere at næringsareala legger opp til grønstruktur der det er mogleg. Dette kan til dømes vere mellom bygga og langs veg.

9.11 PRIVAT OG OFFENTLEG SERVICETILBOD

Planforslaget fører ikkje til behov for private eller offentlege servicetilbod.

9.12 JURIDISKE/ØKONOMISKE KONSEKVENSAAR FOR KOMMUNEN

Ingen kjente.

9.13 INFRASTRUKTUR

Planforslaget medfører ikkje vesentlege konsekvensar, men vil heller bidra til ein samankopling til dei eksisterande næringsområde; Alver næringsområde sør og Galteråsen. Avfall vert handsama som næringsrenovasjon etter gjeldnaden regelverk, jf. pkt. 8.9, og vil dermed ikkje ha vesentleg konsekvensar.

9.14 VA OG ENERGI

Det er utarbeidet VA-rammeplan av Haugen VVA som er lagt ved planforslaget. Planområdet vil føre til ein konsekvens, som følgje av høgdeforskjellane og fylling mellom sone BN3 og den turvegen i nord. Deler av turvegen må leggjast om og det vil derfor også vere behov for at eksisterande ø250mm PE vassleidning vert lagt om på dette strekket (pkt. I til J). Andre nye vassleidningar, spillvassleidningar, overvasshandtering og brannvassdekning er vurdert og skildra nærare i VA-rapporten. Desse utløyser ikkje spesielle konsekvensar. Løysingar internt i felta vil bli løyst i detaljfasen.

Overvasshandtering i utbygd situasjon vil føre til avrenningsmønster vil bli endra som VA-rammeplan skildrar meir detaljert. For utbygd areal vil nøyaktig løysning, plassering og utløpsretning også detaljerast i detaljprosjekteringa. Det er ikkje registrert flaumfare for ny utbygging.

Forureining av overvatn i planområdet er ein konsekvens som vert handtert av VA-rammeplan. «Utbygginga i planområdet vil kunne representere ein auka fare for forureining av overvatnet i området, og forureiningsinnhaldet i overvatnet kan klassifiserast som middels til høg. Det vil vere nødvendig med tiltak som for eksempel sandfang i sluk og slamvolum i fordrøyningsmagasin for å hindre at forureina masser vert leia ut av planområdet. Ved moglegheit for oljesøl på tomten skal det etablerast oljeutskillar som knytast til avlaupsanlegget på den gitte tomte. Overvatn frå veger leiast via sandfang/open vassveg til leidningsnett eller infiltrering i grunnen. Resipient for overvatn vil vere i grunnen for infiltrasjon, eller Kvernafjorden i sør og Tveitvatnet i nord. Behov for ytterlegare reinsing vurderast nærare i detaljeringfasen.»⁴⁴.

9.13 GRUNNFORHOLD

Stabilitetsforhold og rasfare innanfor planområdet består av naturlege lausmassar av lita mektigheit, samt at delar av området består av myr. Ved opparbeiding av næringsarealet må ein vurdere fare for ras ved arbeid inn mot terreng og skjeringar. Utfyllinga ved bruk av utgravne massar er eit tiltak for dette, samt bruken av sikring med mur. Bruk av tilståing i skråning vil kunne redusere risiko for ras og bidra til betre samanheng med eksisterande natur. Utviding av næringsarealet slik planforslaget legg fram, vil føre til skjeringar som må sikrast og utgreiast under detaljfasen.

⁴⁴ *Haugen VAA. (25.02.22). (Oppdragsnr.:21002). Alver kommune – Galteråsen næringsområde GNR. 137 BNR. 804, 832, M.FL. VAO-Rammeplan. Henta frå side 11.*

9.15 NATURMANGFALD

Det er eit nasjonalt mål å arbeide for bevaring av biologisk mangfald og det framgår av St. meld (2015-2016), Norsk handlingsplan for naturmangfald.

Naturmangfaldlova (nml.) stiller krav til tiltak som skal gjennomførast, for å sikre at «*naturen med den si biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfald og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes verksamheit, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtida, også som grunnlag for samisk kultur*», jf. § 1 i lova. For å oppfylle dette føremålet skal utøving av offentleg myndigheit skje på grunnlag av prinsippa i nml. :

- § 8: Kunnskapsgrunnlaget.
- § 9: Føre-var-prinsippet
- §10: Økosystemtilnærning og samla belastning
- §11: Tiltakshavar betaler.
- §12: Miljøforsvarleg teknikkar

Vidare følger ei vurdering av det føreliggande reguleringsplanforslaget opp mot desse prinsippa.

Vurdering etter §8 Kunnskapsgrunnlaget

I § 8 stiller krav om at offentlege avgjerder som råkar naturmangfaldet skal bygge på «vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger». Kunnskapsgrunnlaget skal stå i rimeleg forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfaldet. Ein skal også legge vekt på «kunnskap som er basert på generasjoners erfaringar gjennom bruk av og samspill med naturen».

Reguleringsplanforslaget har som føremål å planlegge utbygging av næring. Ved å utbygging av planområdet vil næringsområdet gje eit samanhengande næringsområdet mellom to regionsenter som vil bidra til fortetting.

Planen vil ha påverknad på landskap, økosystem, naturtypar eller artar, men sidan det har vore mykje liknande utbygging i området både før og etter observasjonen, og det ikkje er grunn til å tru at foreslede tiltak vil påverke sårbare artar m.m. Landskapsbilete vil bli påverka ved at bygga vil vere synleg frå delar av nærliggande turstien. Saman med det allereie eksisterande næringsbyggene som også er synleg, vil dette ikkje tilføre noko som er til stor skade for området, eller noko som ikkje er vurdert i samband med avsetting av arealet i KDP i si tid.

Vurderingane vidare er gjort på grunnlag av kunnskap innhenta frå offentlege databasar og publikasjonar som t.d. Naturbase, Miljøstatus og Artsdatabankens Artskart.

Innanfor planområdet er det registrert fuglearten sandsvale (år 2021). Det er ein raudlisteart og den er nær trua (NT). Det er ikkje registrert Norsk raudliste for naturtypar 2018 i planområde eller utanfor, men i eit myrområde. Planen vil ikkje påverke utvalde naturtypar eller prioriterte artar, men tiltak i myra vil bidra til litt utslepp av karbon. Planen følgjer kommunes arealplan og det er vedtatt at næringsareal i området vil gje det beste samfunnsmessig resultat for framtida.

Planområdet er ikkje i eit verneområde, nærområde til verneområde, marint beskytta område eller verna vassdrag. Det er ikkje sjø eller vassførekomster i området som planen vil ha følgjer for, og ingen utvalde kulturlandskap vert påverka. Planen vil ikkje påverke biologiske viktige livsmiljø registrert i Miljøregistrering i skog (MiS) eller inngrepsfrie naturområde (INON).

Planforslaget vil etter dette ikkje påverke område eller naturtypar som er spesielt verdifulle for naturmangfald. nml. § 8 er såleis ikkje til hinder for å tillate reguleringsplanforslaget.

Vurdering etter §9 Føre-var-prinsippet

Vidare skal det etter nml. § 9 leggest til grunn eit føre-var-prinsipp i vurderinga av tiltak, for å unngå mogleg vesentleg skade på naturmangfaldet. Det skal ikkje gjevast tillating til tiltak der ein ikkje har tilstrekkeleg kunnskap. Det føreligg tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet og verknadene denne reguleringsplanen vil ha på naturmangfaldet. Føre-var-prinsippet kjem etter dette ikkje til bruk, jf. nml. § 9.

Vurdering etter §10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Nml. § 10 stiller krav til at ein skal vurdere korleis tiltaket påverkar økosystemet. Den samla belastninga på økosystemet skal leggest til grunn for kva som kan tolererast. Dette må også sjåast i samanheng med pbl. § 4-2 om «planens forhold til rammer og retningslinjer som gjelder for området» og vilkåra for krav om konsekvensutgreiing. Ein er kjent med at utbygginga vil medføre verknad for landskapet, økosystem, naturtypar og artar.

Registreringane er av landskapet, økosystem og artar som er av ein mindre grad viktig. Naturmangfald av stor viktighet vil ikkje verte råka av reguleringsplanen. Det er heller ikkje kjend at det føreligg andre tilsvarande tiltak eller andre typar tiltak eller inngrep i området som påverkar naturmangfaldet.

Den «samlede belastningen som økosystemet er eller vil bli utsatt for», jf. nml. § 10, vil vere moderat og prinsippet er ikkje til hinder for reguleringsplanforslaget.

Vurdering etter §11 Tiltakshavar betaler

Det er ikkje kjend at planforslaget vil medføre miljøforringelse, slik at det vil oppstå kostnadar som tiltakshavar skal dekke etter prinsippet i nml. § 11.

Vurdering etter §12 Miljøforsvarlege teknikkar

Etter nml. § 12 skal ein for å unngå eller avgrense skadar på naturmangfaldet ta utgangspunkt i «slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut frå en samlet vurdering av tidlige, nåværende og framtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater». Det er kjend at planen vil medføre til dels skadar på naturmangfaldet, fordi den endrar eit tidlegare naturområde til eit planert næringsområde. Ut frå en samla vurdering vil det nye næringsareal bidra til det beste samfunnsmessige resultatet for framtida. Ein har tilstrekkeleg kunnskap om verknaden av forslag til reguleringsplanen. Avbøtande tiltak er vurdert gjennom heile planforslaget.

9.16 ROS-ANALYSE

Bakgrunn

I tilknytning til reguleringsplanarbeidet er det utført ei analyse av risiko og sårbarhetsforhold. ROS-analysen byggjer på føreliggjande kunnskap om planområdet og arealbruken der.

Metode

ROS-analysen av tiltaket er gjort med utgangspunkt i DSB sin rettleiar Samfunnssikkerheit i kommunens arealplanlegging. Akseptkriteria som er nytta er også i tråd med TEK17. Vurderinga er gjennomført av Ard arealplan as som ein del av planarbeidet og er basert på Ard arealplan og tiltakshavar sin samla kunnskap om planområdet, samt tilgjengelege rapporter og innhenta informasjon.

Klassifisering av sannsyn og konsekvens

			KONSEKVENSA					
			Ubetydeleg/ ufarleg	Mindre alvorleg/ en viss fare	Betydeleg/ kritisk	Alvorleg/ farleg		Svært alvorleg/ katastrofalt
KONSEKVENSA	Liv og helse	Ubetydelege personskadar Ingen fråvær	Mindre personskade Sykemelding i nokre dagar	Betydelege personskadar 1 - 10 personar alvorleg skadd Personar med sykefråvær i fleire veker	Alvorleg personskade 10 - 20 personar alvorleg skadde 1 - 10 personar døde	Svært alvorleg personskade > 20 personar alvorleg skadde > 10 personar døde		
	Økonomiske/ materielle verdiar	Ubetydeleg skade < 500.000 kr Teknisk infrastruktur påverknad i liten grad	Mindre skader 500.000 – 10 mill. kr Teknisk infrastruktur setjast ut av drift i nokre timer	Betydelege skader 10 – 100 mill. kr Teknisk infrastruktur setjast ut av drift i fleire døgn	Alvorlege skader 100 – 500 mill. kr Teknisk infrastruktur setjast ut av drift i fleire månader. Andre system rammes midlertidig	Svært alvorlege skader > 500 mill. kr Teknisk infrastruktur og avhengige system setjast permanent ut av drift		
	Miljø (jord, vann og luft)	Ubetydelege miljøskadar Mindre utslepp, ikkje registrert i resipient	Mindre alvorleg, men registrerbar skade Noko uønskte utslepp Restaureringstid < 1 år	Betydeleg miljøskade Betydeleg utslepp med behov for tiltak Restaureringstid 1 – 3 år	Alvorleg miljøskade Stort utslepp med behov for tiltak Restaureringstid 3 – 10 år	Svært alvorleg miljøskade Stort ukontrollert utslepp med svært stort behov for tiltak Restaureringstid > 10 år		
Sikkerheitsklasse TEK17 Skred og flaum			F1, S1	F1, S1	F1, S1	F2, S2	F3, S3	
			K1	K2	K3	K4	K5	Sikkerheitsklasse TEK17 Skred og flaum
Sannsyn	Ein hending oftare enn kvart 20. år	S5						F1
	Ein hending per 20 – 200 år	S4						S1
	Ein hending per 200 – 1000 år	S3						F2

Ein hending per 1000 – 5000 år	S2							F3, S2
Ein hending sjeldnare enn 5000 år	S1							S3

Akseptkriteria:

Hending i røde felt	Medfører uakseptable risiko. Her skal risikoreducerende tiltak gjennomførast, alternativt skal det utførast meir detaljerte ROS-analyser for å avkrefte risikonivået.
Hending i gule felt	ALARP - sone, dvs. tiltak kan gjennomførast for å redusere risikoen (ALARP = As Low As Reasonable Practicable). Det vil vere naturleg å legge en kost-nytteanalyse til grunn for vurderinga av ytterlegare risikoreducerende tiltak.
Hending i grøne felt	I utgangspunktet akseptabel risiko, men ytterlegare risikoreducerende tiltak av vesentleg karakter skal gjennomførast når det er mogleg ut frå økonomiske og praktiske vurderingar.

ROS- analyse tabell

Naturbasert sårbarheit					
Nr	Uønskt hending/forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
		Liv og helse	Miljø	Økonomi	
Ekstremvær www.met.no					
1	Sterk vind	S2 x K2	S2 x K2	S2 x K3	Planområdet ligg ikkje særleg utsett for sterk vind, men det kan likevel førekomme i området. Sannsynet for at det kan øydelegge materialar/fasadar kan førekomme.
2	Store nedbørmengder	S2 x K2	S2 x K2	S2 x K2	Store nedbørmengder kan førekomme i framtida, men dette takast hand om ved VA-prosjektering.
3	Store snømengder	S3 x K1	S3 x K1	S3 x K1	Store snømengder er sjeldan eit problem i området.
4	Anna				
Flaumfare www.nve.no					
5	Flaum i elvar / bekkar				Ikkje aktuelt.
6	Flaum i vassdrag/ innsjøar				Sjå pkt.7.
7	Overvasshandtering	S3 x K2	S3 x K2	S3 x K2	Ved etablering av fleire harde flater vil avrenninga i området auke. Overvasshandsaming vert vurdert og handsama so ein del av VA-rammeplan.
8	Springflod / stormflod				Ikkje aktuelt.
9	Historisk flaumnivå				Ikkje aktuelt.
10	Anna				
Skredfare www.nve.no					
11	Kvikkleireskred				Det er ikkje registrert kvikkleire i planområdet.
12	Lausmasseskred				Ikkje aktuelt.
13	Is – og snøskred	S3 x K1	S3 x K1	S3 x K1	Det er registrert eit lite utløsningsområde for snøskred, med uspesifisert opphav frå NGU. Det er låg risiko sidan klima er meir kystnært og det er lite snømengder, sjå pkt. 3.
14	Steinras, steinsprang				Ikkje aktuelt.
15	Historiske hendingar				Det er ikkje registrert skredhendingar innanfor planområdet.
16	Anna				
Byggegrunn www.ngu.no , KPA KAA 2019-2031 sin ROS-analyse					
17	Setningar				Ikkje aktuelt.
18	Utgildingar				Ikkje aktuelt.
19	Radon				Det er ikkje kjent at området er utsett for høge radonverdiar, henta frå KDP ROS, s. 49. Tiltak i samsvar med TEK 17 §13-5 vil uansett gjerast.

20	Anna				
Plantar og dyreliv www.artsdatabanken.no					
21	Planter				Ingen sårbare artar registrert i naturbase.
22	Dyr				Ingen sårbare artar registrert i naturbase.
23	Fuglar		S3 x K1		Det er registrert sandsvale (fugl) innanfor planområdet i år 2021. Desse har raudlistekategori nært Trua (NT). Sannsynet for store konsekvensar for arten er usikkert både ved anleggsperioden og bruk av det planlagde næringsområdet. Risikoen er vurdert til å vere låg.
24	Anna				Ingen sårbare artar registrert i naturbase.
Kulturområde www.kulturminnesok.no					
25	Freda kulturminne				Ingen registrerte eller påviste.
26	Sefrak-bygg				Ingen registrerte eller påviste.
Verksemdbasert sårbarheit					
Nr	Uønskt hending/forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
		Liv og helse	Miljø	Økonomi	
Brann/eksplosjon					
27	Brannfare	S3 x K3	S3 x K3	S3 x K3	Etablering av næringsbygg aukar sannsynet for brannfare. Ein brann i dette området kan spreie seg til naturområda rundt. Brannstasjon ligg om lag 950 meter frå planområdet. Det planleggjast fleire brannhydrantar i området (sjå VA-rammeplan). Det vurderast at branntryggleik er ivareteken, og at det ikkje er naudsynt med avbøtande tiltak utover det som vert gjort.
28	Eksplisjonsfare	S3 x K3	S2 x K2	S2 x K2	Etablering av næringsbygg aukar sannsynet for at det kan oppstå eksplosjonar i området. Det tillatast etablering av verksemdar knytt til nærings-, handverk- og lager. Det skal ikkje tillatast tung industri. Sannsynet for at det skjer ein eksplosjon vurderast difor som låg.
29	Anna				
Energitransport					
30	Høgspenning				Ikkje aktuelt.
31	Lågspenning				Ikkje aktuelt.
32	Gass				Ikkje aktuelt.
33	Anna				
Forureina vatn					
34	Drikkevasskjelde				Ingen kjent risiko.
35	Sjø, badevatn, fiskevatn, vassdrag og liknande.				Ingen kjent risiko.
36	Nedbørsfelt				Ingen kjent risiko.
37	Grunnvassnivå				Ingen kjent risiko.
38	Anna				
Forureining – grunn, ROS analysen til KDP					
39	Kjemikalieutslepp	S2 x K2	S2 x K2	S2 x K2	Planforslaget legg ikkje opp til etablering av verksemdar med høg risiko for kjemikalieutslepp. Det kan ikkje utelukkast at uhell kan skje, men sannsynet vurderast som lågt.
40	Anna	S3 x K1	S3 x K1	S3 x K1	Forureina grunn er ikkje ei kjent kjelde til akutt forureining i ved /planområdet. Informasjon er henta frå grensande reguleringsplanar. Ut frå ROS-analysen til KDP ligg området i nærleik av potensielt forureina grunn, og ved gravearbeid må det difor vurderast om grunnen kan vere forureina. Dersom det viser set at

					grunnen er forureina vil dette føre til betydeleg konsekvens for miljøet, spesielt med tanke på jordmassane. Avbøtande tiltak vil vere å undersøke grunnen for forureining. Dersom det viser seg at grunnen er forureina skal massane disponerast til godkjent deponi eller behandlingsanlegg etter Forureiningslova.
Forureining – luft, Støyrapporten 31.03.2023					
41	Støv/partiklar/røyk	S3 x K2	S3 x K2	S3 x K2	Planforslaget inneber vidareføring av eksisterande nærings- og lagerverksemd. Det skal ikkje etablerast tung industri. Det er middels risiko for forureining av luft/støv i anleggsperioden. Ved faktisk bruk av området (etter fullført anleggsperiode) er risikoen lågare.
42	Støy	S5 x K2	S5 x K2	S5 x K2	Anleggsperioden vil føre til auke mengde støy. Det er utarbeida støyrapport til planframlegget. Foresegna sikrar tilfredsstillande støynivå i og etter anleggsperioden.
43	Lukt				Ingen kjent risiko.
44	Anna		S4 x K3	S4 x K2	Fjerning av skog og myr vil utgjere ein risiko for miljøet. Tap av myr bidreg til større CO2-utslepp som i lys av klimaendringane er negativt. Dette vil ha store innverknadar i lengre tid. Avbøtande tiltak kan bidra til å redusere den negative innverknaden.
Friluftsliv og tilgjenge til sjø http://www.vestlandfylke.no , Konsekvensutredning for friluftsliv, naturmangfald og landskap (29.03.2023)					
45	Fri ferdsel langs sjø				Ikkje aktuelt.
46	Friluftsliv	S4 x K3	S4 x K4	S4 x K1	Planområdet overlappar med eit stort friluftsanset i nord, og planlagt tiltak vil føre til arealbeslag på delar av dette området. Arealbeslaget innanfor planområdet er av større omfang, men relativt sett vil arealbeslaget utgjere en liten del av det totale friluftsområdet. Å redusere storleiken av eit område av stor verdi vil føre til miljøskade. Eksisterande område er helsefremjande fordi det stimulerer til fysisk aktivitet i natur. Fjerning vil difor føre til nokre negative konsekvensar for miljø og helse, då planen ikkje etablerer «fullverdig erstatningsareal». Avbøtande tiltak er å etablere ny turveg, samt oppretthalde kopling mellom friluftsområde i nord og sør. Det sikrast og aktivitetssområde langt turvegen.
47	Anna				
Sårbarheit knytt til infrastruktur					
Nr	Uønskt hending/forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
		Liv og helse	Miljø	Økonomi	
Trafikkfare http://www.vegvesen.no					
48	Trafikkulykker på veg	S4 x K3	S4 x K1	S4 x K3	God tilkopling til overordna vegnett Fv.57, er uproblematisk (henta frå KDP KU). Den planlagde vegen er kopla til to andre etablerte næringsområde. Vegen er utforma universelt. Det kan likevel vere middel risiko for personskadar og materielle skader når trafikk til området aukar.

Punkt 7 - Overvasshandtering

Store nedbørmengder kan førekome i framtida, men dette teken hand om ved VA-prosjektering, inkl. klimapåslag.

Avbøtande tiltak for overvasshandtering skal etter VA-rammeplan fangast opp fordøyast internt på kvar enkelt tomteareal. Dette løysast ved etablering av vegsluk og overvassanlegg, samt fordøyingsmagasin eller infiltrasjonsareal for å unngå at det renn meir overvatn ut av området etter utbygging enn før utbygging (sjå vedlegg lagt ved planforslaget).

Punkt 27 og 28 – Brannfare (alle kategoriar) og eksplosjonsfare (liv og helse)

Etablering av næringsbygg aukar sannsynleiken for brannfare. Ein brann i dette området kan spreie seg til naturområda rundt. Brannstasjon ligg om lag 950 meter frå planområdet. Det planleggjast fleire brannhydrantar i området (sjå VA-rammeplan). Det vurderast at branntryggleik vert teken hand om så godt det let seg gjere, og at det ikkje er naudsynt med avbøtande tiltak utover det som vert gjort.

Etablering av næringsbygg aukar sannsynet for at det kan oppstå eksplosjonar i området. Det tillatast etablering knytt til nærings-, handverk- og lagerverksemd. Det skal ikkje tillatast tung industri. Det tillatast ikkje etablering av tiltak nemnd i Forskrift for konsekvensutgreiingar vedlegg II. Det skal ikkje opparbeidast tiltak nemnd i Forskrift for konsekvensutgreiingar vedlegg I., med unntak av 24. Næringsbygg. Sannsynet for eksplosjon vurderast difor ikkje som stor.

Punkt 41 - Støv/partiklar/røyk

Planforslaget inneber vidareføring av eksisterande nærings- og lagerverksemd. Det skal ikkje etablerast tung industri. Det er middels risiko for forureining av luft/støv i anleggsperioden. Ved faktisk bruk av området (etter fullført anleggsperiode) vurderast risikoen som lågare.

Avbøtande tiltak vil til dømes vere støvdemping ved bruk av vatn eller salt, plasttildekking som kan førebyggje støvbelastning ved fasadearbeid, forbod mot tomgangskøyring, miljøvennleg støvbinding m.m. Dette er for å unngå luftforureining i anleggsperioden i og utanfor området.

Punkt 42 - Støy

I anleggsperioden vil støy til nærliggande anleggsområde auke. Etter utbygging vil risikoen vere lågare. Dette er omtalt i støyrapporten og sira i føresegn.

Avbøtande tiltak er støydemping under anleggsperioden, for å unngå støy mot nærområda. Naboar må informerast i god tid før anleggsarbeid setjast i gang. Sjå pkt. 8.13 eller vedlagt støyrapport for avbøtande tiltak.

Punkt 44 – Annan. Fjerning av skog og myr areal

Fjerning av skog og myrareal vil ha ein risiko for miljøet. Spesielt tap av myr bidreg til CO₂-utslepp som igjen har innverknad på klimaendringar ved store utslepp. Dette vil og ha store innverknadar i lengre tid, men ved avbøtande tiltak kan dette reduserast.

Avbøtande tiltak er vurdert i pkt.9.4.

Punkt 46 - Friluftsliv (gul sone liv og helse. Raud sone miljø)

Planområdet overlappar med eit stort friluftsansreal i nord, og planlagt tiltak vil føre til arealbeslag på deler av dette området. Arealbeslaget innanfor planområdet er stort, men relativt sett vil arealbeslaget utgjere en liten del av det totale friluftsområdet. Å redusere storleiken av eit område med stor verdi vil føre til miljøskade. Eksisterande område er helsefremjande fordi det stimulerer til fysisk aktivitet i natur for personar i nærområdet. Fjerning vil difor føre til nokre negative konsekvensar for miljø og helse, ved at planen ikkje etablerer «fullverdig erstatningsareal». Avbøtande tiltak er å etablere ny turveg, samt oppretthalde kopling mellom friluftsområde i nord og sør. Meir om avbøtande tiltak er forklart i pkt. 9.10.

Punkt 48 - Trafikkulykker på veg (liv og helse og økonomi)

God tilkopling til overordna vegnett Fv.57 er uproblematisk (henta frå KU-vurderinga til KDP). Den planlagde vegen er kopla til to andre etablerte næringsområde. Vegen legg opp til universell utforming. Likevel kan det vere middels risiko for personskadar og materielle skader når det kjem meir trafikk til området.

Planforslaget har tilrettelagt gang- og sykkelveg og universell utforming som avbøtande tiltak. Dette minskar risiko for ulykker. Trafikkanalysen datert 15.05.23 omtaler avbøtande tiltak med tanke på turveg gjennom planområdet.

10 MERKNADAR

Merknadane etter varsling og etter offentleg høyring er oppsummert og kommentert i vedlagt merknadsskjema.

11 FORSLAGSSTILLER SIN AVSLUTTANDE KOMMENTAR

Planområdet ligg mellom to eksisterande næringsareal, som det siste ubygde arealet. Etter utbygging vil næringsarealet verte eit samanhengande næringsareal. Både nord og sør for planområdet er det realisert store areal til næring. Å leggje til rette for næring av ulik type fører lett til at det er behov for å planere ut store areal. Det er ikkje kjent i dag kven som vil etablere seg her. Alver kommune treng tilrettelagte næringsareal som ligg sentralt kommunesenteret. Denne type areal er interessante for dei som treng nærleik til infrastruktur av ulik type med tanke på å etablere seg i Alver kommune. Å slutføre tilrettelegging og utbygginga av dette næringsområde vil føre til ei betre utnytting av areal som allereie er «tatt hol» på, utan å gå utover nytt areal som ikkje er rørt av utbygging i dag.

Planforslaget har tatt for seg konsekvensar for pågåande aktivitet i og rundt området, og prøvd å tilretteleggje på ein måte som i minst mogleg grad fører til negative/uheldige konsekvensar for natur og naboar/brukarar.